

Årsrapport 2024

Illustrasjoner: Trond Kulterud, HAN SOM TEGNER

Layout og trykk: Aksell.no

Grunnlagsdata for tal og statistikk i årsrapporten finn du på nettstaden vår: www.lottstift.no

Innhald

1	Del 1 – Oppsummering	4
	Vekst og nye oppgåver	4
2	Del 2 – Introduksjon	6
	Dette er Lotteri- og stiftelsestilsynet	6
3	Del 3 – Aktivitetar og resultat	12
	Slik jobbar vi for at færre skal oppleve speleproblem	12
	Slik jobbar vi for at det skal bli enklare å drive frivilligheit	24
	Slik jobbar vi for at stiftelsane skal tene sine formål	38
	Slik jobbar vi for å forenkle for brukaren og vere ein synleg og tydeleg samfunnsaktør	55
4	Del 4 – Styring og kontroll	60
	Styring og kontroll i verksemda	60
5	Del 5 – Framtidsutsikter	74
	Vurdering av framtidsutsikter	74
6	Del 6 – Årsrekneskap	76
	Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen	76
	Prinsippnote til årsrekneskapen	79
	Løyvingsrapport for 2024	80
	Artskontorapport for 2024	82

Direktøren si innleiing:

Vekst og nye oppgåver

I 2024 har Lotteri- og stiftelsestilsynet fått nye oppdrag for å styrke frivilligheita. Vi har bidratt med ny og oppdatert kunnskap om stiftelsar si viktige rolle. På pengespelområdet har vi tatt i bruk nye, effektive verktøy som kom med den nye pengespellova.

Gjennom året har vi fått ei sentral rolle i tilskudd.no, og vi har no overtatt drifta av nettstaden frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring.

Vi har betalt ut 4,4 milliardar kroner til frivilligheita og har dermed ei viktig oppgåve med å sikre effektiv og trygg forvaltning av pengestøtta til frivillige lag og organisasjonar.

Det overordna biletet viser korleis frivilligheitsavdelinga i aukande grad utfører direktoratsoppgåver for Kultur- og likestillingsdepartementet. Eit anna døme på det er kunnskapsproduksjonen om frivilligheit som vi gjer på bestilling frå departementet.

Auka kunnskap om den viktige rolla til stiftelsar

Stiftelsar er viktige aktørar på mange samfunnsområde, og dei ønsker å ta del i den vidare utviklinga av samfunnet.

Norske stiftelsar forvaltar ein bokført eigenkapital på 248 milliardar kroner. Vi har i 2024 bidratt med viktig kunnskap og felles læring om desse betydelege verdiane og verdiskapinga i det norske samfunnet, og ikkje minst om kva stiftelsane kan bety i framtida.

På Stiftelseskonferansen 2024 samla vi 200 deltakarar. Eit hovudtema var korleis norske stiftelsar bidrar til sosial inkludering. Under Arendalsuka inviterte vi i samarbeid med Stiftelsesforeningen til panelsamtale for å belyse stiftelsar si viktige rolle innan forskning og utvikling. Erfaringa frå Danmark er at stiftelsar som Novo Nordisk Foundation er sentrale i forskingsrevolusjonen innan legemiddel-industrien.

Denne typen felles læring og erfaringsutveksling vil nettopp bidra til at stiftelsane tener sine formål og bidrar til utvikling.

Dei nye verktøya fungerer

I 2024 tok vi aktivt i bruk dei nye verkemidla i pengespellovgevinga for å regulere denne bransjen.

Vi har førehandsgodkjent over 3000 organisasjonar, noko som har vore ein formidabel jobb for tilsynet. For organisasjonane var det viktig å få dette på plass, slik at dei kunne få inntekter frå pengespel i 2025.

1

Vi har gitt tvangsmulkt til influensarar som driv med ulovleg marknadsføring av pengespel. I 2024 har vi hatt tre separate influensartilsyn som har omfatta totalt 17 influensarar og føretak.

Vi har også hatt bingoilsyn som har resultert i tvangsmulkt. Sakene viser at varsel om tvangsmulkt har hatt synleg effekt.

Fleire internasjonale spelselskap har trekt seg ut etter at vi har gitt dei tvangsmulkt.

Vi har jobba opp mot bankane for å hindre transaksjonar frå og til ulovlege spelselskap. I 2024 gjennomførte vi 37 tilsyn med bankar for å sjekke om dei slepp ulovlege betalingar gjennom systema sine.

Som ein konsekvens av tiltaka mot utanlandske aktørar, og det reduserte reklametrykket, har einerettsaktørar måtta kutte i marknadsføringa si. Sidan dei er einerettsaktørar, er det viktig at dei har gode rutinar. Vi gav derfor eit lovbrotsgebyr til Norsk Tipping etter at ein spelar ved ein feil fekk utbetalt 25 millionar kroner frå eit kasinospel.

Vi har òg starta eit samarbeid med Forbrukartilsynet og Medietilsynet for å sjå nærare på pengespel og spel om pengar i dataspel.

Ny strategi

For at vi skal kunne utføre samfunnsoppdraget vårt best mogleg på alle desse viktige felta, har vi utarbeidd ein ny strategi for Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Vi skal jobbe målretta for at stiftelsane skal tene sine formål, at det skal bli enklare å drive frivilligheit, og at færre skal oppleve speleproblem. For å klare det må vi bli enda flinkare til å dyrke kunnskap og kompetanse, forenkle og forbetre, styrke samhandlinga vår – både internt og eksternt – og vere synlege og tydelege.

Oppsummert er mi vurdering at vi når måla våre på alle våre område på ein tilfredsstillande måte.



Førde, 15. mars 2025

Atle Hamar
direktør

Dette er Lotteri- og stiftelsestilsynet

Lotteri- og stiftelsestilsynet jobbar målretta for at det skal bli enklare å drive frivilligheit, at færre skal oppleve speleproblem, og at stiftelsane skal tene formåla sine.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er underlagt Kultur- og likestillingsdepartementet og har sidan oppstarten i 2001 halde til i Førde i Sunnfjord. Tilsynet er staten sitt forvaltningsorgan på områda pengespel, stiftelsar og frivilligheit. Dei tre områda har felles stabsfunksjonar og direktør.

Lotteritilsynet fører tilsyn og kontroll med dei statlege pengespela for å sikre at dei held seg innanfor rammene som gjeld for ansvarlege pengespel. Vi jobbar også for å sikre at aktørar som driv ulovleg, ikkje skal få fotfeste. Vi arbeider med å hindre kampfiksing og manipulering av idrettskonkurransar, og vi følger opp kvitvaskingslova på lotteri- og pengespelfeltet. Lotteritilsynet sørger for at spelemidlar frå dei regulerte aktørane kjem det norske samfunnet og frivilligheita til gode.

Lotteritilsynet forvaltar også ordninga med momskompensasjon for både frivillige lag og organisasjonar og for bygging av idrettsanlegg. I tillegg forvaltar vi straumstøtte til frivillige lag og organisasjonar, tilskot til frivilligsentralar og tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå speleoverskotet til Norsk Tipping. Vi er dessutan tilsynsorgan for Grasrotandelen.

Stiftelsestilsynet skal sikre at norske stiftelsar driv lovleg og i tråd med formåla, men også bidra til at stiftelsar er ein attraktiv måte å utvikle samfunnet på. Vi rettleiar og fører tilsyn med norske stiftelsar. Dessutan jobbar vi med å dele kunnskap om rolla stiftelsar spelar i det norske samfunnet. I tillegg godkjenner vi endringar i private beslagsforbod, bandlagd pliktdelsarv, uråderettsklausular og samvirkeføretak.

Lotteri- og stiftelsestilsynet driftar tre nasjonale register. Alle norske stiftelsar er registrerte i Stiftelsesregisteret. I Pengespelregisteret ligg det informasjon om lag og organisasjonar som har løyve til å skaffe seg lotteriinntekter. Anleggsregisteret inneheld informasjon om mellom anna anlegg for idrett og fysisk aktivitet, kulturarenaer og løypetiltak i fjellet. I alle tre registera kan publikum søke fram informasjon.

Strategien vår fortel korleis vi skal styrke oss som organisasjon dei næraste åra, slik at vi på ein god måte kan vareta det ansvaret og gjennomføre dei oppgåvene departementet tildeler oss. I strategien vår for 2024–2028 har vi definert at vi skal jobbe målretta for at det skal bli enklare å drive frivilligheit, at færre skal oppleve speleproblem, og at stiftelsane skal tene formåla sine. Derfor skal vi

- dyrke kunnskap og kompetanse
- forenkle og forbedre
- styrke samhandlinga vår – både internt og eksternt
- vere synlege og tydelege

2

Tilsynet sine oppgaver

Tildelingsbrevet for 2024 definerer Lotteri- og stiftelsestilsynet sine overordna mål slik:

1. sikre ansvarlege pengespel, førebygge speleavhengigheit og negative sosiale konsekvensar av pengespel- og lotteritilbodet
2. legge til rette for at overskot frå pengespel og lotteri går til helse- og rehabiliteringsformål, samfunnsnyttig og humanitært arbeid, idrett og kultur
3. legge til rette for ei effektiv og trygg forvaltning av pengestøtta til frivilligheita
4. sikre ei forsvarleg forvaltning av stiftelsar og auke kunnskapen om den samfunnsmessige betydninga deira
5. bidra til at tilsynet er leiande i å bygge og formidle kunnskap og truverdig informasjon om pengespel, stiftelsar og støtteordningar for frivilligheita

I tillegg har Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2024 hatt nokre særskilde oppdrag:

- følge opp ny lov og forskrift om pengespel, som tredde i kraft 1. januar 2023, mellom anna gjennomføre ny godkjenning av ikkje-fortenestebaserte organisasjonar og kringkastarar
- halde fram med å handheve regelverket overfor ulovlege tilbydarar på den norske spelmarknaden og gjennomføre tiltak for å stenge slike aktørar ute
- halde fram med å hjelpe departementet med oppfølging av nye krav for registrert spel på bingo
- følge opp Handlingsplan mot spilleproblemer 2022–2025 og førebu arbeidet med ny handlingsplan for 2026–2029 i 2025
- halde fram med å hjelpe departementet med å førebu eit nytt regelverk om DNS-blokkering og tilsyn etter nytt regelverk
- utarbeide forslag til nasjonal strategiplan for arbeidet mot manipulering av idrettskonkurransar for perioden 2024–2028
- føre tilsyn og kontroll med at stiftelsar blir forvalta i tråd med stiftelseslova og tilhøyrande forskrifter
- føre Stiftelsesregisteret, der alle stiftelsar skal vere registrerte, og sørge for at registrerte data i størst mogleg grad og til kvar tid er sikre og korrekte
- formidle informasjon om stiftelsesregelverket og forvaltning av stiftelsar, i hovudsak gjennom fellestiltak
- sørge for gode forvaltningsrutinar etter gjeldande stiftelsesregelverk og ha ein rådgivande funksjon overfor Nærings- og fiskeridepartementet på dette området
- sørge for gode forvaltningsrutinar i tråd med regelverket for ordningane tilsynet forvaltar på frivilligheits- og idrettsområdet, og dessutan ha ein rådgivande funksjon overfor departementet på dette området
- registrere tilskotsordningar for og tildelingar til frivillig sektor i registerløysinga tilskudd.no
- forvalte tilskotsordninga for straumstøtte til frivillig sektor
- hjelpe departementet med oppfølging av gjennomgangen av moms-kompensasjonsordninga for frivillige lag og organisasjonar
- hjelpe departementet med gjennomgang av regelverket for Frivilligregisteret, med andre oppgåver knytte til utvikling av registeret, og med digitaliserings- og forenklingstiltak på frivilligområdet knytte til livshendinga «Starte og drive ein frivillig organisasjon»
- føre tilsyn med mottakarar av Grasrotandelen
- ta over Kultur- og likestillingsdepartementet si operative rolle i samarbeidet med Direktorat for forvaltning- og økonomistyring (DFØ) om tilskudd.no for frivillig sektor, bygge opp ein ny, berekraftig driftsmodell rundt tenesta ved å ta eit særskilt ansvar for informasjons- og datakvalitet, og sikre at produkta og løysingane som blir utvikla, varetar ønska om og behova for forenkling og samordning i frivillig sektor

2

Inntektskomponentar

Lotteri- og stiftelsestilsynet er sjølvfinansiert med gebyr og avgifter. I 2024 var inntektskomponentane slik:

- gebyr og oppdrag (inkl. handlingsplanmidlar) kr 31 875 541
- årsavgift frå stiftelsar kr 30 367 112
- refusjon frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto kr 47 100 000

Lotteri- og stiftelsestilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet.

Tabell 1: Utvalde volumtal

Volumtal	2021	2022	2023	2024
Godkjende organisasjonar som kan få løyve til å tilby og ta imot overskot frå pengespel	5 056	4988	4 908	5 111
Organisasjonar med løyve til bingo	3 251	3323	3189	3 006
Registrerte stiftelsar	6 385	6 322	6 252	6142
Næringsdrivande stiftelsar	802	806	809	803
Søknader om momskompensasjon på varer og tenester	1909	2 186	2 458	2 720
Samla tal journalførte dokument i tilsynet	70 367	71 849	78 213	82 599
Sidevisingar på lottstift.no	1 093 233	989 105	793 957	688 356
Kontakt med Hjelpelinjen	981	1 172	1143	

Tabell 2: Økonomiske nøkkeltal

Nøkkeltal	2022	2023	2024	Endring %
Tal årsverk	75	75	81	8,0
Samla løyving inkl. tilskotsordningar	3 280 003 000	3 495 033 000	3 545 184 000	1,4
Rekneskapsførte driftsutgifter	116 300 000	122 817 000	130 671 223	6,4
Lønnsdel av driftsutgifter (prosent)	57	61	60	-1,6
Lønn og sosiale utgifter per årsverk	888 000	993 000	960 000	-3,3
Samla rekneskapsførte inntekter	109 373 000	122 934 000	123 593 000	0,5
Utnytningsgrad post 01–29 (prosent)	96,5	98,7	96,7	-2,0

Kommentarar til endringar i nøkkeltal

Årsverk: Tal årsverk auka med 2 på kvart av områda IT og pengespel, 1 på økonomi og 0,5 på kvart av områda HR/kommunikasjon og stiftelsar. Fagområdet tilskotsforvaltning har hatt vekst i oppgåver dei seinare åra, men tal årsverk er uendra frå 2023 til 2024.

Samla løyving: Dei økonomiske rammene for momskompensasjon til frivillige organisasjonar blei auka betydeleg for å gi full kompensasjon. Samtidig blei løyvingane til straumstøtte og til momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg reduserte.

2

Driftsutgifter: Auken fordeler seg likt på lønn og varer og tenester, med høvesvis 3,8 millionar kroner og 4 millionar kroner. På varer og tenester er det i hovudsak IT-relaterte kostnader som har auka, både utstyr, utviklingstenester og lisensar.


Lønnsdel: Vi har lege stabilt dei seinare åra. 60 prosent er om lag på gjennomsnittet for statleg sektor. Men utgifter knytte til Handlingsplan mot spilleproblemer inngår i berekningsgrunnlaget, og viss vi trekker ut handlingsplanen, blir lønnsdelen høgare (66 prosent).

Lønn og sosiale utgifter per årsverk: Vi gjekk litt ned i høve til året før. Forseinka lønnsoppgjjer med utbetaling i 2025 forklarar noko av reduksjonen.

Rekneskapsførte inntekter: Posten for tilfeldige inntekter gjekk ned med 4 millionar kroner, sidan omfanget av tilbakebetalingar knytte til kompensasjon ved covid-19 er redusert. Samtidig har vi hatt meirinntekter på pengespelområdet knytte til ny godkjenning av lotteriverdige formål. Samla inntekter har lege relativt stabilt.


Utnyttingsgraden er redusert med 2 prosent til 96,7 prosent som følge av at lønnskompensasjon på 1 815 000 kroner for 2024 er med i overførbart beløp, og vi har mindreforbruk på dei to 21-postane på høvesvis 400 000 kroner og 500 000 kroner.

Pengespellova ligg under Kultur- og likestillingsdepartementet. Stiftelseslova ligg under Nærings- og fiskeridepartementet.



2

Organisasjon og leiling



2

Leiargruppa i 2024



Atle Hamar,
direktør i Lotteri- og
stiftelsestilsynet



Terje Gilleshammer,
kommunikasjons- og
strategidirektør



**Siw Heggedal
Longvastøl,**
avdelingsdirektør,
Stiftelsestilsynet



Stig Starheim,
fagdirektør for økonomi
og verksemdsstyring



**Marianne Skjeldestad
Hove,**
avdelingsdirektør
for frivillighetsstøtte,
Lotteritilsynet



Siv-Karin Hestad,
fagdirektør for
organisasjon og
personale



Tore Bell,
avdelingsdirektør
for pengespel,
Lotteritilsynet



Falk Michael Tewes,
fagdirektør for IT og
dokumenthandtering

- Tore Bell var konstituert i stillinga frå oktober 2023 til desember 2024. Frå desember 2024 blei han fast tilsett i stillinga.
- Bjørn Leirdal var konstituert i stillinga som kommunikasjons- og strategidirektør fram til 1. mars 2024.

Slik jobbar vi for at færre skal oppleve speleproblem

Den nye pengespellova har gitt oss fleire og nye verktøy. Både i kampen for å beskytte norske spelarar mot ulovlege aktørar og for å sikre spelarane sine rettar overfor norske aktørar. I 2024 har både ulovlege og lovlege aktørar merka at den nye lova har gitt oss tydelegare føringar for bruk av tvangsmulkt og gebyr.

Det blir vanskelegare og vanskelegare å tilby og marknadsføre ulovlege pengespel i Noreg. Vi har tatt i bruk tvangsmulkt mot fleire selskap og influensarar desse selskapa bruker for å marknadsføre seg, og fleire har stoppa den ulovlege aktiviteten eller trekt seg ut av marknaden. Samla ser vi at tiltaka våre fungerer, og i tillegg førebur vi oss til å få på plass DNS-blokkering av ulovlege nettstader i 2025.

Blant norske bingo-aktørar har vi gjennomført fleire kvitvaskingstilsyn med medhjelparar og oppdaga fleire lovbrøt. I fleire av sakene har vi varsla om tvangsmulkt for å få retta lovbrøta. I tillegg har Norsk Tipping fått eit lovbrøtsgebyr på 4 500 000 kroner for ei feilutbetaling til ein spelar. Klagesaka er til behandling i Klagenemndssekretariatet.

For norske lovlege spelselskap er det uvant å bli møtt med så strenge reaksjonar for brot på lovverket. Både god dialog med og god kunnskap blant aktørane om lovverket blir viktig framover.

Nytt lovverk har også stilt krav til ny godkjenning av ikkje-fortenestebaserte organisasjonar. Rundt 5000 organisasjonar var godkjende etter den gamle ordninga og kunne søke om ny godkjenning for å få inntekter frå pengespel. I 2024 behandla vi 3854 søknadar, og 3154 organisasjonar fekk ny godkjenning. Det var viktig for organisasjonane å bli godkjende innan 2025.

Vi har brukt fleire ekstra ressursar og omprioritert eksisterande ressursar for å få godkjenningane på plass. Det har ført til at vi har hatt færre ordinære fysiske tilsyn med bingoaktørar.

No førebur vi oss til innføring av registrert spel på bingo i 2025. Det er eit svært viktig tiltak for å få meir kunnskap om bingospelarane og dermed kunne førebygge speleproblem.

Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet

1. Sikre ansvarlige pengespill, forebygge spilleavhengighet og negative sosiale konsekvenser av pengespill- og lotteritilbudet
2. Legge til rette for at overskudd fra pengespill og lotterier tilfaller helse- og rehabiliteringsformål, samfunnsnyttig og humanitært arbeid, idrett og kultur

3

Over 3000 organisasjoner har fått ny godkjenning

Den nye pengespellova krev ny godkjenning av alle som skal tilby eller ta imot overskot frå pengespel. I 2024 førebudde vi oss på å behandle potensielt 5000 søknader om ny førehandsgodkjenning.

Vi visste at det var ein stor jobb som låg føre oss, både teknisk og ressursmessig, ettersom den nye pengespellova krev ny godkjenning av alle organisasjonar som ønsker å tilby eller ta imot inntekter frå pengespel med omsetning over 200 000 kroner. Totalt kunne rundt 4800 organisasjonar søke om ny godkjenning. Vi sende informasjon til samtlige organisasjonar med lovnad om at alle som søkte om førehandsgodkjenning innan 20. mars 2024, ville få søknaden behandla innan utgangen av 2024. Fristen gav vi for å unngå at organisasjonane venta til slutten av 2024 med å søke.



Fakta om søknadsrunden

Lotteritilsynet gjorde ei risikovurdering av organisasjonane som hadde godkjenning etter lotterilova, opp mot det nye regelverket. Ein kontrollar gjekk gjennom lista over søknader som tilfredsstilte kriteria for å blir vurdert som «låg risiko».

- Totalt søkte 3854 organisasjonar.
- 1221 søknader blei behandla maskinelt (låg risiko).
- 59 organisasjonar fekk maskinelt avslag fordi dei ikkje var registrerte i Frivilligregisteret på søknadstidspunktet.
- 1/3 av alle søknadene blei maskinelt behandla.
- Totalt har 3154 organisasjonar fått godkjenning. Av desse er det 49 kringkastarar og 3105 ikkje-fortenestebaserte organisasjonar.
- 700 søknader har fått avslag, er blitt avviste eller gjeld ikkje (f.eks. fordi organisasjonen har sendt inn søknad fleire gonger).

3

Korleis blei organisasjonane vurderte?

Dei som har fått avslag i denne runden, er stort sett organisasjonar som driv med hobby- og fritidsaktivitetar for vaksne. Dette gjeld f.eks. kor og korps der ein vesentleg del av aktiviteten er retta mot vaksne. Mange av desse organisasjonane har tidlegare vore godkjende fordi dei har hatt sosial betydning for andre enn eigne medlemmer.

1807 organisasjonar som var godkjende etter lotterilova, mista denne godkjenninga frå og med 1. januar 2025. Vi ventar at ein del av desse vil søke om førehandsgodkjenning i løpet av 2025.

Vi fekk laga eit nytt søknadsskjema til førehandsgodkjenninga, og det blei opna for søknader frå 14. februar 2024. I skjemaet blei organisasjonane kategoriserte, og dei fleste definerte seg som hobby- og fritidsorganisasjonar (1925) og interesseorganisasjonar (738).

Grundig informasjon i vedtaka

Lotteritilsynet har sett til ordninga for søknader om momskompensasjon for å sikre mest mogleg lik praksis og forståing av omgrep, i tråd med forarbeida til pengespellova. I vurderingane våre har vi hatt særleg fokus på å informere organisasjonane om relevante avgrensingar i det nye regelverket. Vi har i nokre av godkjenningsvedtaka presisert kva ein godkjend organisasjon kan bruke inntekter frå pengespel til. Dette gir også Lotteritilsynet eit betre grunnlag ved etterkontrollar av godkjende organisasjonar.

Vi har fått totalt 119 klager på avslag vi har gitt på førehandsgodkjenning, og desse blir sende til Lotterinemnda for avgjerd.

Det blir færre aktørar i den private marknaden

Det er blitt færre bingohallar, men omsetninga frå nettspel aukar. Lotteritilsynet prioriterte fysiske tilsyn etter kvitvaskingslovverket.

Bingo med medhjelpar

Talet på bingohallar har gått ned. Dette er forventa. Tidlegare autorisasjon som bingoentreprenør gjaldt ikkje etter 31. desember 2023. Ein del bingoentreprenørar søkte ikkje om ny godkjenning som medhjelpar. Nokre bingohallar blei overtatt av andre medhjelparar, andre blei ikkje vidareførte. Vi ser dessutan at spel på nett (hovudspel) hos bingo-medhjelparane auka også i 2024.

Oppdaterte tal for nettbingo per 30.09.2024

Måltal/ år	Per 30.09.2022	Per 30.09.2023	Per 30.09.2024
Brutto omsetning frå hovudspel på nett	292 400 277 kr	289 732 837 kr	320 120 258 kr
Brutto omsetning frå hovudspel totalt	932 937 436 kr	918 791 606 kr	894 998 041 kr
Andel hovudspel på nett av total omsetning	31,3 %	31,5 %	35,8 %
Tal bingohallar med hovudspel på nett	203	190	181
Tal bingohallar totalt	225	204	187

3

Tilsyn og kontrollar

Lotteritilsynet hadde berre éin fysisk kontroll av bingohallar i 2024. Årsaka til dette var først og fremst at ein i 2024 prioriterte tilsyn etter kvitvaskingslova i bingohallar. I tillegg prioriterte pengespelavdelinga å bruke fleire ressursar på å behandle dei mange søknadene frå ikkje-fortenestebaserte organisasjonar.

Endra regelverk for omsetningsramme i dei største lotteria

Indeksreguleringa av lotteri med omsetning opptil 300 millionar kroner blei fjerna i ny forskrift. Lotteria fekk i staden ei fast årleg omsetningsramme på 360 millionar kroner. Dette blei igjen endra i forskrift gjeldande frå 2. desember 2024, der omsetningsgrensa blei auka til 405 millionar kroner for 2024. Vidare skal omsetninga indeksregulerast årleg.

I 2024 har Postkodelotteriet og Pantelotteriet hatt løyve til denne typen lotteri.

Nøkkeltal på lotteriområdet

Område/år	2020	2021	2022	2023	2024
Godkjende organisasjonar per 31.12	5 145	5 056	4 988	4 908	5 111
Autoriserte entreprenørar per 31.12	98	98	92		
Godkjende medhjelparar per 31.12				89	45
Løyve til entreprenørbingo	233	242	252		
Bingo med medhjelpar (løyve)				255	209
Bingohallar med løyve i løpet av året	229	232	235	216	198
Løyve til foreinings- og radio-/TV-bingo	211	201	192		
Løyve til bingo utan medhjelpar				95	70
Løyve til radio-/TV-bingo				76	59
Aktive 9-årslotteri (opptil 360 mill. kr)	3	3	3	3	2
Aktive store lotteri (200 000–100 mill. kr)	91	86	83	74	80
Aktive smålotteri (under 200 000 kr)	2 181	2 206	2 935		

Etter innføring av ny pengespellov frå 1. januar 2023 er det brukt nye omgrep. I den gamle lotterilova blei omgrepet «autoriserte entreprenørar» brukt om aktørar som kunne tilby pengespel på vegner av organisasjonar med løyve. Desse blir no omtalte som «godkjende medhjelparar». I ny lov er «foreiningsbingo» erstatta av omgrepet «bingo utan medhjelpar». Lotteri med omsetning under 200 000 kroner er ikkje melde- eller rapporteringspliktig til Lotteritilsynet etter ny pengespellov.

Kultur- og likestillingsdepartementet sende i slutten av mai ut eit nytt høyringsforslag om registrert spel på bingo med tapsgrenser. Forslaget går ut på at ein skal ha eigne grenser i kvar bingo hall. Reglane for registrering av spelarar blei vedtatt og gjeld frå 1. januar 2025, medan reglar for tapsgrenser gjeld frå 1. september 2025.

3

Nedslående kvitvaskingstilsyn i bingohallar

I 2024 prioriterte vi tilsyn etter kvitvaskingsregelverket i bingohallar. Resultata var nedslående og viste at det var lite kunnskap om og forståing av regelverket.

Gjennom 2024 har Lotteritilsynet gjennomført umelde tilsyn i elleve utvalde bingo-hallar knytte til seks forskjellige bingomedhjelparar. Det blei avdekt alvorlege avvik hos alle aktørane, og avvika gjaldt i hovudsak dei same forholda.

Lågt kunnskapsnivå hos tilsette i bingohallane

Det var gjennomgåande lågt kunnskapsnivå om kvitvaskingsregelverket hos dei tilsette i bingohallane. Dei blanda saman ansvarlegheitstiltak etter pengespellova og kundetiltak etter kvitvaskingslova. Dei visste ikkje kva dei skulle sjå etter for å kunne avdekke kvitvasking, og dei visste ikkje kva dei skulle gjere dersom dei oppdaga noko. Det finst heller ikkje system i bingohallane som set dei tilsette i stand til å gjennomføre kundetiltak i tråd med krava i kvitvaskingslova.

Lotteritilsynet meiner det er urovekkande at bingobransjen ikkje i større grad har tatt inn over seg det ansvaret som følger med å vere rapporteringspliktig etter kvitvaskingslova. Dei har vore omfatta av kvitvaskingsregelverket sidan 2018. Tilbakemeldingane frå medhjelparane etter tilsyna indikerer også manglande forståing av og kunnskap om regelverket.

Manglande etterleving av kvitvaskingsregelverket

Som bingomedhjelpar må ein sette seg inn i og etterleve krava i både pengespellova og kvitvaskingslova. Dei to lovverka har ulike formål og stiller derfor også ulike krav. Medan pengespellova har som mål å sikre trygge og ansvarlege pengespel for den enkelte, skal kvitvaskingslova førebygge og bidra til å avdekke økonomisk kriminalitet. Medhjelparane skil ikkje krav, eller rettare sagt manglande krav, om registrert spel etter pengespellova frå krav om kundetiltak og overvaking av transaksjonar etter kvitvaskingslova. Som bingomedhjelparar må dei sette seg inn i og etterleve begge regelverka (i tillegg til ei rekke andre regelverk).

Finansdepartementet skal vurdere klagesakene

Av dei totalt seks tilsynssakene er tre oversende til Finansdepartementet for klagebehandling. I éi sak, der ein bingomedhjelpar fekk vedtak med pålegg om opphøyr av ulovlege forhold og tvangsmulkt, har det ikkje komme inn klage. Dei to siste tilsyna blei gjennomførte på eit seinare tidspunkt og har førebels berre fått varsel om vedtak om opphøyr av ulovlege forhold og tvangsmulkt.

Dei gjennomførte tilsyna viser at umelde tilsyn har god effekt. Då vi gjennomførte dokumenttilsyn med bingomedhjelparar etter kvitvaskingsregelverket i perioden 2021–2023, var funna langt meir positive.

Vi ser at nokre av aktørane har utarbeidd rutinar som i stor grad tilfredsstiller krava i kvitvaskingslova, sjølv om dei veit at det ikkje er mogleg å etterleve eigne rutinar. Dette handlar blant anna om manglande system for overvaking av transaksjonar i bingohallane. Det er alvorleg, og Lotteritilsynet vil halde fram med å prioritere denne typen umelde kontrollar.

3

Historisk lovbrøtsgebyr til Norsk Tipping

Lotteritilsynet gjorde i september vedtak om at Norsk Tipping må betale 4,5 millioner kroner i gebyr etter ei stor feilutbetaling til ein spelar. Norsk Tipping har klaga vedtaket inn til Lotterinemnda.

I mars fekk ein spelar hos Norsk Tipping ved ein feil utbetalt 25 millioner kroner frå kasinospelet KongKasino. KongKasino er eit nettkasino og eit av spela med høgast risiko for speleproblem. Spelet har ein høg andel problemspelarar. 27 prosent av dei som spelar kasinospel hos Norsk Tipping, er i kategoriane moderate risiko- eller problemspelarar. Dette er seks gonger fleire enn det som er gjennomsnittet for alle pengespel.

Varsla av spelaren

Eit av tiltaka for å hindre at spelarar får problem, er premiegrenser. I KongKasino er maksimal premie 100 000 kroner. I tillegg er det tillate med ein jackpot-premie på 5 millioner kroner. Likevel fekk ein spelar ved ein feil 25 millioner kroner på konto. Feilen blei ikkje oppdaga før spelaren sjølv varsla Norsk Tipping.

4,5 millioner kroner utgjør 0,05 prosent av Norsk Tipping si omsetning i 2023. Den var på 9,2 milliardar kroner, etter at utbetalte premiar var trekte frå.

Saka blei send til Klagenemnda for vidare behandling i november.

Einerettsaktørane har redusert marknadsføringskostnadene

Lotteritilsynet har følgd opp vedtaket om at Norsk Tipping måtte redusere marknadsføringskostnadene sine med minst 20 prosent frå 2022 til 30. juni 2024, som følge av bortfall av ulovleg pengespelreklame på TV. Norsk Rikstoto skulle redusere reklamekostnadene med minst 5,2 prosent. Begge selskapa har dokumentert at dei har oppfylt kravet om reduserte marknadsføringskostnader.



Tilsyn med marknadsføringa til Postkodelotteriet

På slutten av året blei det også gjennomført tilsyn med marknadsføringa til Postkodelotteriet. Vi sende selskapet eit varsel om å redusere kostnadene knytt til marknadsføring. Arbeidet vidare og oppfølging med tilsynet vil skje i 2025.

3

Handlingsplanen mot speleproblem: Arbeidet for å redusere talet på speleavhengige held fram

Færre tok kontakt med Hjelpelinja

Det var færre som tok kontakt med Hjelpelinja om pengespelproblem i fjor enn året før. Men nedgangen var ikkje stor, og det var igjen fleire som hadde problem med kasinospel samanlikna med året før.



Det var 13 prosent færre førstegongssamtaler om pengespel til Hjelpelinja i 2024 samanlikna med 2023. Tal samtaler til Hjelpelinja var stabilt med 836 samtaler. Det er likevel førstegongssamtalene vi legg mest vekt på, sidan vi då ikkje tel den same spelaren fleire gongar.

Kasinospel blir stadig meir dominerande som spelforma som skaper problem, viser statistikken over samtaler på Hjelpelinja i 2024. Heile 281 av 439 førstegongssamtaler var om kasinospel. Det utgjør 64 prosent av samtالene. Og sjølv om tiltaka som blir gjennomført for å hindre utanlandske aktørar i å tilby spel over internett til nordmenn blir stadig meir effektive, viser 163 av samtالene utelukkande til ein utanlandsk speloperatør.

Om vi ser på spel som er i konkurranse med dei utanlandske, altså kasinospel, oddsspel og poker, har ein utanlandsk aktør vore tema i 82 prosent av samtالene. Det er om lag det same nivået som i fjor. Samstundes er det ein liten auke i samtaler som gjeld spel hos både Norsk Tipping og ein utanlandsk aktør, i fjor 28 prosent. Det er ikkje overraskande når vi også ser at Norsk Tipping får stadig fleire kundar som spelar kasinospel.

Når det gjeld alder på dei som samtalen gjeld (det er både spelarar og pårørande som tek kontakt) er det ein tendens til at det er fleire i aldersgruppa under 18 år og mellom 18 og 24 år. Det er ei urovekkande utvikling når vi veit at det ofte går lang tid før ein har så store pengespelproblem at ein søker hjelp for problema. Det er likevel ikkje ei uventa utvikling, sidan også Norsk Tipping ser ein tendens til at dei yngste spelarane spelar høgrisiko- spel.

Samstundes er det ein tendens til at det er nokre færre som rapporterer gjeld høgare enn ein million kroner på samtaletidspunktet.

Ny stor undersøking om barn og unge sine spelevar

Det har vore auka bekymring for spel i grenselandet mellom dataspel og pengespel, som er særleg populære blant unge. Vi har derfor sett i gang arbeidet med ei ny undersøking av spelevar og problemspeling. Undersøkinga handlar om både dataspel, pengespel og grenselandet mellom desse. Det er barn og unge i alderen 12–17 år som blir spurde, og undersøkinga skal skje gjennom skulane.



Vi trudde lenge at ei felles nordisk undersøking om speleproblem måtte skrinleggast etter at finansieringa ikkje var på plass i alle landa. No ser det ut til at det likevel kan bli noko av. Lotteritilsynet bidrar i ei arbeidsgruppe bestående av forskarar og representantar for spelmyndigheiter. Til hausten er det planlagt datainnsamling i alle land samtidig. Det er danskane som koordinerer arbeidet med utlysing av ei felles datainnsamling og Spillforsk ved UiB som til slutt skal analysere data.

3

Speleansvarskonferansen 2024 med Peter Shilton som gjest

I oktober inviterte vi til Speleansvarskonferansen i Oslo. Her var hovedattraksjonen keeperlegenda Peter Shilton, som fortalte om 45 år som speleavhengig og om korleis kona Steph hadde tatt tak i problemet. Dei rundt 90 deltakarane fekk ei sterk historie, og også for Peter sjølv var det sterkt å fortelje om augneblinken då han innsåg at han måtte få hjelp.

Publikum fekk også høyre Lill-Tove Bergmo frå Spillavhengighet Norge fortelje om korleis ho starta opp organisasjonen. Vi fekk høyre om korleis Spilleslutt-appen blei utvikla, Spillforsk presenterte ny forskning, og Norsk Toppfotball ved Freddy Dos Santos fortalte saman med Norsk Tipping korleis dei gjennom garderobekulturen gjer fotballspelarar kjende med risikoen for speleproblem.

Vi har fått gode tilbakemeldingar på konferansen, men også innspel til aktuelle tema for neste konferanse. VG fatta interesse for konferansen sitt store trekkplaster, og vi fekk omtale av både historia og konferansen.



Peter og Steph Shilton var begge på Speleansvarskonferansen.



Kulturminister Lubna Jaffery opna Speleansvarskonferansen 2024.

Spilleansvarsforum

I haust samla vi dei lovlege aktørane på den norske marknaden til Spilleansvarsforum. Her fortalte dei norske aktørane korleis dei jobbar for å førebygge speleproblem og redusere skadeverknader av pengespel, og det blei diskutert korleis tiltaka fungerer.

Prosjektsamling om handlingsplanen

På vårparten arrangerte vi, saman med Medietilsynet og Helsedirektoratet, ei prosjektsamling for mottakarar av handlingsplanmidlar. Etter pandemien kom ikkje tiltaket i gang att før i 2024, så dette var eit etterlengta møte. Alle mottakarane fekk presentere sine prosjekt. Her blei det hausta og delt mange erfaringar om dei ulike tiltaka.


3

Handlingsplan for 2026–2028

Planperioden for eksisterande handlingsplan går ut i 2025. Lotteritilsynet, Helse- og medietilsynet etablerte i november ei ny arbeidsgruppe som skal utarbeide *Handlingsplan mot spilleproblemer 2026–2028*. Det er planlagt fleire arbeidsmøte i 2025.

Vi førebur DNS-blokkering av ulovlege pengespelsider

Eit nytt regelverk gir Lotteritilsynet myndigheit til å blokkere ulovlege pengespelsider frå 2025. I 2024 starta vi arbeidet og gjennomførte tilsyn for å avdekke nettstader som tilbyr ulovlege pengespel.



Frå 1. januar 2025 kan Lotteritilsynet pålegge internettilbydarar å DNS-blokkere nettstader som tilbyr pengespel retta mot den norske marknaden utan løyve. Ei DNS-blokkering vil hindre tilgangen til nettstader som tilbyr ulovlege pengespel, og gi målretta informasjon om kva pengespel som har løyve og ikkje.

5 av 10 nordmenn veit ikkje eller er usikre på kva selskap som har lov til å tilby pengespel, viser målingar Sentio har gjennomført for oss. Dette kan bety at mange ikkje veit at dei spelar dei mest risikofylte spela. DNS-blokkering vil beskytte spelarar og førebygge at dei får problem.

Erfaringar frå andre land

Basert på erfaring frå andre europeiske land som blokkerer nettstader som tilbyr ulovlege pengespel, forventar Lotteritilsynet at DNS-blokkering vil ha god effekt i Noreg. DNS-blokkering vil også styrke effekten av andre reguleringstiltak vi har for å stoppe ulovlege pengespel, for eksempel betalingsformidlingsforbodet og marknadsføringsforbodet, og tilsyna vi gjennomfører for å stoppe ulovlege pengespel. I tillegg vil DNS-blokkering styrke forbrukarvernet, fordi spelarane får tydeleg informasjon om at nettstaden dei var på veg til, er eit ulovleg pengespel.

Lotteritilsynet har hjulpet departementet med lovendringa om DNS-blokkering. Vi har greidd ut ulike problemstillingar knytte til den tekniske og praktiske gjennomføringa av DNS-blokkering, og vi har gitt våre vurderingar av forventet effekt av tiltaket.

Omsyn til personvern og ytringsfridom

Etter at lovforslaget om DNS-blokkering blei vedtatt av Stortinget våren 2024, har Lotteritilsynet planlagt og førebudd kommande tilsyn. Vi har gjennomført møte med Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom), Datatilsynet og nokre av internettilbydarane om korleis vi kan vareta omsynet til informasjons- og ytringsfridom og personvern når vi gjennomfører tilsyn. Vi har også innhenta liste frå Nkom over alle internettilbydarar som er omfatta av regelverket, og som kan bli pålagde å gjennomføre DNS-blokkering av ulovlege pengespelsider.

Før Lotteritilsynet kan gjere vedtak om blokkering av ei nettside, må vi kontakte pengespeltilbydarane som står bak nettstadene som ikkje har løyve, og informere om at dei tilbyr pengespel i strid med pengespellova.

3

Over 100 ulovlege nettstader har fått informasjon

Hittil har Lotteritilsynet sendt informasjonsbrev om kommande DNS-blokkering til i underkant av 50 utanlandske spelselskap. Totalt står dei bak nærare 100 nettstader som tilbyr pengespel retta mot den norske marknaden utan løyve.

17 av dei 100 nettstadene tilbyr pengespel der innsatsen er digital spelvaluta iform av skins og robux.

I brevet har Lotteritilsynet informert om regelverket og kva selskapa må gjere for å unngå å bli blokkerte.

Ei prioritert oppgåve i 2025

Etter at vi sende informasjonsbrev, gjennomførte vi ein førebels kontroll. Den viser at fleire av selskapa allereie har fjerna norsk språk og norsk valuta frå nettstadene. Nokre har også blokkert pengespelsidene sine for Norge. Dette viser at lovendringa har effekt.

Lotteritilsynet vil prioritere tilsynet med DNS-blokkering høgt i 2025. Selskap som ikkje trekker seg ut av den norske marknaden, risikerer å bli blokkerte, og Lotteri-tilsynet forventar at første vedtak om DNS-blokkering etter nytt regelverk blir gjort i løpet av vinteren 2025.

Bankane må stoppe ulovlege transaksjonar tidlegare for å førebygge speleproblem

Spelarar pådrar seg stor gjeld når bankane ikkje reagerer raskt nok for å stoppe transaksjonar knytte til ulovlege pengespel. Ei ny undersøking frå Lotteritilsynet viser at bankane slepp for mange ulovlege transaksjonar gjennom systema sine.

Bankane reagerer ikkje raskt nok

Lotteritilsynet gjennomførte tilsyn med 37 bankar mellom september 2023 og april 2024. Formålet med tilsyna var å kontrollere om bankane hindrar transaksjonar til og frå ulovlege pengespel, slik dei er forplikta til etter pengespellova.

Tilsynet viser at fleire bankar kan bli flinkare til å etterleve betalingsformidlingsforbodet, og at mange av dei ikkje reagerer raskt nok når Lotteritilsynet har gjort vedtak om stans av transaksjonar.

Dette er eit problem fordi det går transaksjonar gjennom systema frå det tidspunktet bankane har fått vedtaket, og fram til bankane endeleg stoppar transaksjonane. Mange spelarar pådrar seg stor gjeld ved å spele hos ulovlege selskap, og det er derfor ekstra viktig å få stoppa desse transaksjonane så fort som mogleg.

Ny undersøking om betalingsformidlingsforbodet

I løpet av august og september gjennomførte Lotteritilsynet også ei spørjeundersøking blant norske bankar om arbeidet dei gjer med betalingsformidlingsforbodet. Vi hadde tilsvarande spørjeundersøkingar i 2020 og 2022. Resultatet av undersøkinga i 2024 viser at nokre bankar jobbar godt med forbodet, men også at fleire bankar gjer for lite.

3

Mange bankar bør gjere meir, særleg når det gjeld kontakt med kundane. Banken er ofte den første som oppdagar at ein kunde spelar hos eit ulovleg pengespelselskap, og at kunden derfor har spelegjeld eller andre økonomiske problem. Dersom banken ikkje reagerer på dette, kan banken bidra til at problema til kunden blir større.

Varsel om tvangsmulkt stoppar influensarar

Vi ser at fleire influensarar framleis marknadsfører ulovlege pengespel i sosiale medium. Dette skjer trass i at influensarar og nettverka deira fekk informasjon om regelverket allereie i 2022. Mange stoppa marknadsføringa då, og vi har i 2024 følgd opp dette med fleire tilsyn.

Vi har prioritert saker der publikum har tipsa oss. Det at vi får tips, viser at denne typen marknadsføring når ut til folk, og at dei reagerer. Mange influensarar har stor påverknadskraft, og dei når målretta ut med marknadsføring overfor ei ung og særleg sårbar gruppe.

I 2024 har vi hatt tre separate influensartilsyn som totalt har omfatta 17 influensarar og føretak. Sakene viser at varsel om tvangsmulkt har hatt synleg effekt. Dei fleste selskapa og influensarane rettar lovbrota relativt raskt etter at dei har fått varselet, og fjernar nettstader, stansar marknadsføringa og slettar ulovleg materiale dei har publisert. Nokre saker er ikkje avslutta, og vi må vurdere om det er grunnlag for vidare reaksjonar.



Fleire ulovlege selskap i Noreg vil trekke seg ut

I tillegg til å følge opp aktive saker har vi også hatt tilsyn med fleire pengespelselskap utan løyve i Noreg, og med affiliates som har hatt nordmenn involvert. Affiliates-avtalar er for eksempel når utanlandske speltilbydarar inngår avtalar med samarbeidspartnarar for å auke trafikken til nettsidene sine. Då lenkar ofte samarbeidspartnarane til spelselskapet sine sider og får betalt basert på trafikken det fører til. Vi har prioritert selskap som allereie er store i Noreg, eller som vi ser har potensial til å bli betydelege aktørar i den norske marknaden. Alle har sagt at dei vil følge regelverket, men vi er framleis i dialog med nokre av dei om korleis dei kan gjennomføre dette.

3

Kampfiksingsarbeid får større internasjonal oppslutning. I Noreg styrker vi samhandling gjennom ny strategiplan

Stadig fleire land har meldt seg på i arbeidet mot manipulering av idrettskonkurransar. Ein nasjonal strategiplan som skal koordinere innsatsen for å førebygge kampfiksing og manipulering, blir lansert i 2025.

Internasjonalt samarbeid

Konvensjonen mot manipulering av idrettskonkurransar, Macolin-konvensjonen, hadde 10-årsjubileum i 2024. 4 nye land ratifiserte konvensjonen i 2024, og dermed har 13 land ratifisert konvensjonen på 10 år. Sjølv om ein skulle ønske seg større oppslutning, tyder mykje på at fleire land er klare for å ratifisere konvensjonen og dermed styrke det internasjonale samarbeidet.

Vi deltar i ulike komitear og arbeidsgrupper der vi prøver å bidra til styrkt samhandling, effektive system for vidareformidling av informasjon og erfaringsutveksling.

Strategiplan

Arbeidet med *Strategiplan for bekjempelse av manipulering av idrettskonkurranser 2025–2028* er i slutfasen.

Strategiplanen er eit samarbeid mellom Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF), Norges Fotballforbund (NFF), Det Norske Trivselskap (DNT), Norsk Tipping (NT), Norsk Rikstoto (RT), Lotteri- og stiftelsestilsynet (LS), politiet ved Økokrim og Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD). Alle desse aktørane har vore med på å utarbeide strategiplanen, som vil bli lansert i første del av 2025.

Strategien skal styrke det førebyggjande arbeidet og auke sjansane for å avdekke og reagere på manipulering av idrettskonkurransar.

Ein utøvar og ein trenar blei utestengde

Vi får framleis få tips om manipulering av idrettskonkurransar, men kvart år kjem det inn nokre tips som vi undersøker. I 2024 har idretten sanksjonert ein utøvar og ein trenar i høvesvis basketball og fotball.

Sakene gjaldt spel på konkurransar der dei sjølve var involverte, noko som er i strid med idrettens reglar om manipulering av idrettskonkurransar. Utøvaren blei sanksjonert med utestenging i 2 år og trenaren i 10 månader.

Det er viktig for oss som arbeider med desse problemstillingane, at slike hendingar blir tatt på alvor, både med tanke på sanksjonar mot den som har brote regelverket i idretten, og av allmennpreventive omsyn.

Slik jobbar vi for at det skal bli enklare å drive frivilligheit

I 2024 har vi jobba med å gjere det enklare å drive frivilligheit. Vi har mellom anna fått ei meir sentral rolle i tilskudd.no. Dessutan har vi eit viktig samfunnsoppdrag med å legge til rette for effektiv og trygg forvaltning av pengestøtta til frivillige lag og organisasjonar. I løpet av året betalte vi ut heile 4,4 milliardar kroner til frivilligheita.

Året starta med at vi fekk ei sentral rolle i drift og utvikling av nettstaden tilskudd.no, då vi tok over oppgåvene til Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD). Vi har jobba godt saman med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) for å utføre dette oppdraget. I haust blei det klart at vi frå 2025 skal overta heile ansvaret for tilskudd.no. I november signerte vi avtalen, etter ein god prosess med DFØ. Vi ser fram til å vidareutvikle nettstaden for frivillig sektor.

Vi har jobba med å forenkle for frivillig sektor gjennom å digitalisere, analysere og gjere data og kunnskap lett tilgjengeleg. Livshendinga «Starte og drive en frivillig organisasjon» er ei av satsingane i regjeringa sin digitaliseringsstrategi. I 2024 har vi vore sentrale i to store delprosjekt i dette arbeidet: vidareutvikling av Frivillig-registeret og arbeid med tilskudd.no.

Som ein del av dette har vi også jobba med å digitalisere rettleiaren *Forenkling av statlige tilskuddsordninger for frivillige organisasjoner*, som vil bli publisert på tilskudd.no i 2025. Vi har også begynt å sjå på dokumentasjonsbyrda til frivillig sektor. Målet er å få innsikt i kva forenklingstiltak som kan gi størst effekt for flest.

På oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet har vi gjennom heile året jobba med å analysere inntektsstraumane til frivillig sektor. Vi har mål om å slutføre dette arbeidet i februar 2025.

I 2024 betalte vi ut 4,4 milliardar kroner til frivilligheita. Korleis dette beløpet blei fordelt, kan du lese meir om nedanfor.



Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet:


- Legge til rette for at overskudd fra pengespill og lotterier tilfaller helse- og rehabiliteringsformål, samfunnsnyttig og humanitært arbeid, idrett og kultur
- Legge til rette for en effektiv og trygg forvaltning av pengestøtte til frivilligheten

(Frå Kultur- og likestillingsdepartementets tildelingsbrev 2024)

4,4 milliardar kroner til frivillige lag og organisasjonar i 2024

I 2024 fordelte vi om lag 4,4 milliardar kroner til frivillige lag og organisasjonar. Av dette utgjorde momskompensasjon på varer og tenester over 2,7 milliardar kroner. I overkant av 1 milliard kroner blei fordelt til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå speleoverskotet til Norsk Tipping. Momskompensasjon til idrettsanlegg utgjorde nær 306 millionar kroner. Vi betalte ut over 255 millionar kroner til kommunane, som fordelte tilskotet vidare til sine frivilligsentralar. I tillegg betalte vi i løpet av 2024 ut over 58 millionar kroner i straumstøtte til frivillige organisasjonar.

Figur 1: Oversikt over utbetaling etter år og ordning



3

Fekk sentral rolle i tilskudd.no

I starten av 2024 fekk Lotteri- og stiftelsestilsynet ei sentral rolle i drift og utvikling av nettstaden tilskudd.no.

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring hadde ansvar for å drifte den tekniske løysinga, medan Lotteri- og stiftelsestilsynet tok over Kultur- og likestillingsdepartementet sitt operative ansvar for arbeidet som rettar seg mot frivillig sektor.

For å bygge opp ein ny og berekraftig driftsmodell gjekk arbeidet over frå prosjektorganisering til å bli ein del av ordinær drift. Vi har lagt særleg vekt på å sikre god informasjons- og datakvalitet. Eit viktig tiltak var at vi forenkla reglane for kva tildelingar som skal reknast som tildelingar til ideelle og frivillige organisasjonar. Denne endringa gjorde nettstaden meir transparent for brukarane og enklare å drifte for oss.

For at informasjonen om tilskotsordningane skal vere oppdatert og tildelingane fullstendige, er vi avhengige av at nærare 50 ulike forvaltarar legg inn rett informasjon til rett tid. Førebels er det frivillig for forvaltarane å gjere denne jobben. Trass i fleire automatiske kontrollar og varsling om uteståande oppgåver er arbeidet med å følge opp forvaltarane framleis manuelt og arbeidskrevjande. Tiltak for å auke informasjons- og datakvaliteten er noko vi vil satse på framover.

For å vareta frivillig sektor sine ønske om og behov for forenkling og samordning har vi også jobba med å digitalisere rettleiaren *Forenkling av statlige tilskuddsordningar for frivillige organisasjonar*, som vil bli publisert på tilskudd.no (sjå nærare omtale nedanfor) i 2025.

Seint på året blei det bestemt at tilskudd.no frå 1. januar 2025 vil bli overført frå DFØ til Lotteri- og stiftelsestilsynet. Vi ser fram til å vidareutvikle nettstaden for frivillig sektor.

Tilskudd.no er viktig for ideelle og frivillige organisasjonar som har behov for økonomisk støtte til drift og ulike prosjekt. Nettstaden gir oversikt over omtrent 130 ulike tilskotsordningar og rundt 280 enkeltstående tilskot.



Direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet Atle Hamar og direktør Hilde Singsaas i DFØ er samde om vegen vidare for tilskudd.no.

3

Stadig fleire søker om og mottar momskompensasjon

Nesten 24 350 organisasjonar fekk kompensasjon i 2024

Vi betalte ut over 2,7 milliardar kroner i momskompensasjon på varer og tenester til frivilligheita. Det er den største utbetalinga vi har gjort for denne ordninga. For fjerde år på rad har mottakarane fått utbetalt heile det godkjende søknadsbeløpet. Vi fekk inn 2720 søknader, ein auke på 11 prosent frå 2023. 90 prosent av søknadene blei godkjende.

Tabell 1: Oversikt over momskompensasjon

Søknadsår	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Tal søknader	1 448	1 558	1 730	1 921	2 019	1 909	2 186	2 459	2 720
Tal organisasjonar	22 653	23 486	24 055	21 778	22 397	21 575	22 204	23 081	24 346
Søknadssum (millionar kroner)	1 721	1 864	1 977	2 063	2 102	1 853	2 081	2 591	2 793
Godkjend søknadssum (millionar kroner)	1 691	1 812	1 908	1 963	2 079	1 816	2 027	2 451	2 707
Utbetalt beløp (millionar kroner)	1 291	1 319	1 422	1 608	1 684	1 816	2 027	2 451	2 707
Innvilgingsprosent	76 %	73 %	75 %	82 %	81 %	100 %	100 %	100 %	100 %
Tal avslag / avviste søknader	161	162	176	220	173	143	210	302	275

Sjølv om det no er fleire år sidan pandemien, ser vi at veksten i godkjend søknadssum framleis er stor. Etter ein vekst på 12 prosent i 2022 og 21 prosent i 2023 fekk vi i 2024 ein vekst på 10 prosent. Dette er framleis langt over den historiske veksten, som har vore på litt meir enn 6 prosent.




3

Ordninga treffer heile den frivillige sektoren

Med nesten 24 350 mottakarar treffer ordninga heile breidda av frivillige organisasjonar. Figuren nedanfor viser fordelinga mellom ulike kategoriar. Idrett er klart størst, med meir enn 7000 organisasjonar, kunst og kultur har over 5000, medan rekreasjon og sosiale foreiningar har nesten 4000.

Figur 2: Mottakarar fordelt på kategori



Sjølv om ordninga er godt kjend og vi har tatt imot søknader i 15 år, var det i 2024 nesten 500 enkeltstående organisasjonar som søkte for første gong. Det viser at det er viktig å gi god informasjon om ordninga, slik at flest mogleg veit at dei kan søke. I samband med utbetalinga sende vi ut ei pressemelding. Vi registrerte meir enn 75 mediasaker om tildelingar i lokale og regionale medium. Dette er ein viktig kanal når vi skal gi informasjon om ordninga og gjere ho kjend for fleire. For å nå fram til nye søkarar informerer vi i tillegg breitt på fleire kommunar sine nettsider i søknadsperioden.

I oktober 2024 blei det på regjeringen.no lagt ut ei høyring om forslag til endringar i momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar. Vi hjalp KUD i arbeidet med høyringsdokumenta og vil fortsette arbeidet i 2025.


3

305,8 millionar kroner til idrettsanlegg i 2024


I 2024 fekk vi 601 søknader om momskompensasjon til bygging av idrettsanlegg. Av desse blei 568 godkjende, 12 fekk avslag, og 1 blei avvist. 20 organisasjonar trekte søknaden.

Godkjent søknadsbeløp landa på 305,8 millionar kroner i 2024, mot 361,6 millionar kroner i 2023. Det blei utbetalt full momskompensasjon i 2024. Det vil seie at alle som fekk godkjent søknaden, fekk utbetalt beløpet dei hadde søkt om.

Figur 3: Søknadsbeløp for idrettsmoms over tid



Figur 4: Søknadsbeløp for idrettsmoms over tid



3

Over 1 milliard av speleoverskotet til 53 organisasjoner

I 2024 fordelte vi 1,06 milliardar kroner av Norsk Tipping sitt speleoverskot på 53 organisasjoner.

Desse pengane gjekk til:

- Norges Røde Kors – 334,4 millionar kroner
- Redningsselskapet – 206,4 millionar kroner
- Norsk Folkehjelp – 25,4 millionar kroner


Det resterande beløpet blei fordelt mellom 50 landsdekkande samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner.

Av Norsk Tipping sitt samla speleoverskot går 18 prosent til fordeling gjennom denne ordninga. Tilskotsordninga er retta mot landsdekkande samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner. Formålet er å bidra til å trygge viktige samfunnsoppgåver på områda helse, sosiale tenester, krisehjelp, støttarbeid og natur-, miljø- og dyreververn.

Ordninga skal i tillegg sikre at sentrale rednings- og beredskapsoppgåver kan videreførast. Dei tre beredskapsorganisasjonane som vi nemnde ovanfor, får derfor ein fast årleg prosentdel av midlane. Andre organisasjoner må søke.

Diagrammet nedanfor viser korleis midlane fordeler seg på ulike kategoriar.

Figur 5: Fordeling av midlar frå speleoverskot



3

Straumstøtte til frivillige lag og organisasjonar også i 2024

I 2024 betalte vi ut over 58 millioner kroner i strømsstøtte til frivillige lag og organisasjonar.

Vi fekk inn 12 753 søknader om strømsstøtte. Vi har halde fram med kvartalsvise søknadsrundar og løpande utbetalingar. Målet har heile tida vore at frivillige lag og organisasjonar skulle få støtta så raskt som mogleg.


Sidan endringar i forskrifta gjorde at støttesatsane måtte bereknast etter ein ny modell, blei søknadsrundane for tredje og fjerde kvartal 2023 slått saman til éin søknadsrunde. Endringa skulle gjelde frå september 2023, men blei ikkje klar før i januar 2024. Vi opna derfor felles søknadsrunde for tredje og fjerde kvartal då endringa var gjennomført. Vi fekk 5251 søknader i denne runden, noko som var høgt samanlikna med dei andre søknadsrundane vi hadde i 2024.

Jamt over lågare strømprisar

I 2024 fekk organisasjonane dekt 90 prosent av prisforskjellen mellom 73 øre per kWh og timeprisane. Forbruket per time blir berekna ved hjelp av eit gjennomsnittleg forbruksmønster for frivillige organisasjonar.

Strømprisane har stort sett halde seg låge heile året. På grunn av dei låge strømprisane fekk vi rekordlåge støttesatsar og utbetalingar i ordninga for både andre og tredje kvartal i 2024. Vi har òg gjennomgåande fått færre søknader enn i 2023.

Figur 6: Utbetaling og tal søknader per runde



3

Tabell 3: Fordeling per sektor

Sektor	Tal søknader	Tildelt beløp
Idrett	3 269	kr 19 615 025
Trus- og livssynsorganisasjonar	2 521	kr 10 377 007
Rekreasjon og sosiale foreiningar	1 534	kr 3 647 747
Kultur og kunst	1 021	kr 3 043 957
Lokalsamfunnsutvikling	835	kr 1 163 189
Sosiale tenester	445	kr 3 851 675
Barne- og ungdomsorganisasjonar	408	kr 931 207
Interesseorganisasjonar	236	kr 729 828
Andre helsetenester	180	kr 829 942
Bustad- og lokalmiljø	170	kr 489 589
Anna utdanning	119	kr 3 175 434
Andre / ingen ICPNO	2 015	kr 10 238 020
Totalsum	12 753	kr 58 092 620


Ny berekningsmodell for straumstøtte har gitt utslag

Den nye berekningsmodellen, som er basert på timepris i staden for gjennomsnittspris per måned, har ført til at vi har utbetalt straumstøtte til frivillige organisasjonar alle månader i 2024. Dersom vi framleis hadde hatt den tidlegare modellen, hadde straumstøtta vore så godt som fråverande i 2024.

Sjølv om ny berekningsmodell for straumstøtte har gitt positive utslag ved at frivillige organisasjonar kunne søke om straumstøtte alle månader, har det vore svært låge støttesatsar og støttebeløp, særleg i andre og tredje kvartal av 2024. I tredje kvartal var heile 93 prosent av søknadene under 100 kroner.

Tabell 4 : Søknader under 100 kroner

Runde	Tal totalt	Tal under 100 kroner	Andel under 100 kroner
2023 – Q3+Q4	5 251	66	1 %
2024 – Q1	3 532	79	2 %
2024 – Q2	2 495	742	30 %
2024 – Q3	1 475	1 367	93 %
Totalt	12 753	2 254	18 %



3

512 frivilligsentralar fekk driftstilskot i 2024

Frivilligsentralane fekk til saman 255 millionar kroner i driftstilskot for 2024.

Vi tok over forvaltninga av ordninga for tilskot til frivilligsentralar i 2022. Formålet med ordninga er å skape gode og stabile rammevilkår for frivilligsentralane.

I november 2023 kunne kommunane søke om midlar til driftsåret 2024. I februar 2024 betalte vi ut 247 millionar kroner til 321 kommunar. Desse midlane blei fordelt vidare på 515 frivilligsentralar. Det vil seie at kvar frivilligsentral fekk 480 046 kroner i tilskot. I oktober 2024 fekk kvar frivilligsentral ei tilleggstilskot på 18 323 kroner. Dette var midlar som blei haldne tilbake i tilfelle klagebehandling.

12 kommunar søkte etter fristen og fekk derfor ikkje godkjent søknaden. Dei søkte for til saman 24 frivilligsentralar. I tillegg betalte tre kommunar tilbake tilskotet for éin frivilligsentral kvar. Tilbakebetalinga gjaldt nye frivilligsentralar som ikkje var i drift i løpet av første kvartal av 2024.

Vi har også utbetalt eit enkeltstående tilskot til Costa Blanca Nord frivilligsentral i Spania. Sentralen fekk tilsvarende beløp som frivilligsentralar i Noreg, men noko oppjustert som følge av valutaulempar.

Våren 2024 opna vi søknadsrunden for 2025, og 334 kommunar, som søkte på vegner av 557 frivilligsentralar, fekk godkjent søknaden sin. To kommunar søkte etter fristen og fekk derfor ikkje godkjent søknaden. Desse søkte på vegner av éin frivilligsentral kvar.



Frivilligsentralane jobbar for å skape gode og inkluderande samfunn. Her frå Førde frivilligsentral.

3

Kontroll etter tilskot til mangfalds- og inkluderingstiltak i idrett og fysisk aktivitet

I 2024 starta vi arbeidet med etterkontroll av godkjende tilskot til mangfalds- og inkluderingstiltak i idrett og fysisk aktivitet.

Tilskot til mangfald og inkludering knytt til idrett og fysisk aktivitet var ei søknadsbasert tilskotsordning med ein tidsavgrensa tilskotsperiode på to år. Vi har gjennomført to søknadsrundar. Første søknadsrunde hadde gjennomføringsperiode i 2022 og 2023, medan andre søknadsrunde hadde gjennomføringsperiode i 2023 og 2024.

Vi plukka ut om lag 50 søknader frå kvar søknadsrunde til etterkontroll. I 2024 kontrollerte vi søknader frå første søknadsrunde. Kontrollen viste at midlane i hovudsak var nytta i tråd med innsend søknad. Vi har også førebudd kontroll av søknader frå andre søknadsrunde.

Arbeidet med kontroll av godkjende tilskot vil fortsette i 2025.



Avsluttande arbeid knytt til covid-19-tilskot

I 2024 følgde vi opp gjenstående saker knytte til dei mellombelse kompensasjonsordningane for frivilligheita i samband med covid-19-utbrotet.

Arbeidet har i hovudsak handla om å følge opp nedbetalingsavtalar og innkrevjing. Fleirtalet av desse sakene gjeld organisasjonar som ikkje kan dokumentere inntektsbortfallet som dei fekk kompensasjon for.

I februar blei ein mann dømd til fengsel for grovt koronabedrageri etter at vi melde forholdet til politiet. Dette er den fjerde dommen i bedragerisaker knytte til krise-pakkane vi forvalta. Vi håper og trur at desse dommene vil ha ein førebyggjande effekt, slik at ingen fleire blir freista til å misbruke statlege støtteordningar.

Ved utgangen av 2024 var det framleis 24 saker som ikkje var endeleg avslutta. Dei fleste av desse sakene gjeld organisasjonar som har inngått avtale om nedbetaling, eller som ligg hos Skatteetaten for innkrevjing. Vidare står det att å rapportere tildelingar til det nye registeret for offentleg støtte som Brønnøysund-registara held på å utvikle.

3

Utviklingstrekk i inntekter og utgifter til frivillige organisasjonar etter pandemien

Gjennom pandemien har vi følgd utviklinga i organisasjonane sine inntekter og kostnader. I starten av pandemien såg vi at både inntekter og kostnader gjekk ned som følge av reduksjon i aktivitetane til organisasjonane.

Gjennom den årlege rekneskapsrapporteringa for organisasjonar som er godkjende for pengespel, ser vi likevel at kostnadene i pandemiåra fall meir enn inntektene. Det var derfor fleire organisasjonar enn normalt som gjekk med overskot i 2020 og 2021. I 2020 gjekk heile 80 prosent av organisasjonane med overskot, mot normalt rundt 60 prosent i åra før.

I 2022 og 2023 ser vi at færre organisasjonar enn normalt hadde overskot. Det kan tyde på at organisasjonane i desse åra har brukt av overskotet frå pandemiåra, noko som nok har komme godt med i ein periode med auka prisvekst. I 2023 hadde 56 prosent av organisasjonane eit overskot, noko som nærmar seg normalen.

Figur 7: Andel organisasjonar med overskot



Kartlegging av inntektene til frivillige organisasjonar

Gjennom primæroppgåvene våre får vi mykje informasjon om økonomien til frivillige organisasjonar i Noreg. Denne kunnskapen ønsker vi i større grad å systematisere og formidle til fleire. Vi trur det kan vere nyttig for både sektoren sjølv og myndigheiter som jobbar med politikkutforming for sektoren. I 2024 jobba vi spesielt med å kartlegge informasjon om inntektssida til frivilligheita, og vi vil fortsette dette arbeidet i 2025.

3

Slik har vi jobba for at det skal bli enklare å drive frivillighet i 2024

Livshendinga «Starte og drive en frivillig organisasjon» er eit av fleire satsingsområde i regjeringa sin digitaliseringsstrategi. Kultur- og likestillingsdepartementet er eigar av livshendinga og har involvert oss i fleire tiltak som skal gjere det enklare og mindre byråkratisk å vere frivillig i Noreg.

Tilskudd.no, felles føringar for statlege tilskotsordningar og vidareutvikling av Frivilligregisteret er sentralt for arbeidet med livshendinga.

Rettleiar for forenkling av statlege tilskotsordningar for frivillige organisasjonar

I stortingsmeldinga om frivilligheitspolitikken (Meld. St. 10 (2018–2019)) står det at regjeringa vil gjere rettleiaren *Forenkling av statlege tilskuddsordningar for frivillige organisasjonar* betre kjend og lettare tilgjengeleg for forvaltarar og frivilligheita. Regjeringa foreslo mellom anna å lage eit digitalt dokument som skal oppdaterast jamleg. I dokument 8:49 S (2022–2023) bad Stortinget regjeringa om å sette i gang eit arbeid for å harmonisere og forenkle søkbare ordningar som blir forvalta av statleg sektor.

Rettleiaren er eit viktig verktøy for å få på plass felles føringar for statlege tilskotsordningar retta mot frivillig sektor. Vi har i 2024 jobba både med å gjere rettleiaren digital og med å revidere delar av innhaldet. Revideringa har skjedd i tett samarbeid med Kultur- og likestillingsdepartementet, Frivillighet Norge og eit utval av frivillige organisasjonar og forvaltarar. På frivilligdagen, 5. desember, blei utkast til ein digitalisert og revidert rettleiar lagt fram for departementa og sendt til ny innspelsrunde.

I 2025 vil vi gå gjennom innspela og justere utkastet, før rettleiaren etter planen blir publisert på tilskudd.no. Den viktigaste målgruppa for rettleiaren er forvaltarane som er på tilskudd.no, og det er derfor naturleg at han bur der. Rettleiaren vil då gå frå å vere trykt, eller i PDF-format på nettet, til å bli meir tilgjengeleg, fleksibel og enklare å endre ut frå behov, kunnskap og erfaringar.

Kartlegging av dokumentasjonsbyrda til frivillig sektor

Det er eit mål at frivillige organisasjonar berre skal rapportere informasjon til det offentlege éin gong. Vi har starta arbeidet med å kartlegge dei om lag 130 ordningane på tilskudd.no. Målet er å finne ut om det er mange organisasjonar som søker på fleire statlege tilskotsordningar med like dokumentasjonskrav. I undersøkinga har vi også sett på nokre tilskotsordningar som ikkje er statlege. Vi ønsker å finne ut om frivillige organisasjonar blir møtt med tilsvarande krav om dokumentasjon utanfor staten. Eit av måla med kartlegginga er å finne ut kva forenklingstiltak som kan gi størst effekt for flest.

Vidareutvikling av Frivilligregisteret – Deling Data Frivillig

I 2022 kom rapporten *Vidareutvikling av Frivillighetsregisteret*. Vi bidrog med vår kunnskap for å legge til rette for forenklingar for frivillig sektor. Rapporten inneheld konkrete råd om endringar i Frivilligregisteret. I 2024 har vi jobba saman med Brønnøysundregistra i prosjektet «Deling Data Frivillig» for å få gjennomført

3

endringsforslaga i Frivilligregisteret. Dei viktigaste endringane handlar om å gjere vedtektene til organisasjonane tilgjengelege og få fleire opplysningar om organisasjonane inn i registeret.

Referansegruppe for revidering av frivilligregisterlova

Ifølge rapporten *Videreutvikling av Frivillighetsregisteret* er det også behov for ein gjennomgang av frivilligregisterlova. Kultur- og likestillingsdepartementet sette i gang arbeidet hausten 2023, og Lotteri- og stiftelsestilsynet har sidan då vore med i referansegruppa. I 2024 har referansegruppa hatt fleire møte, der fokus har vore på registreringsrett og opplysningar i registeret.

Fagsystemet vårt på tilskotsområdet

Vi fekk nytt fagsystem på tilskotsområdet i 2020. Dette er grunnmuren vår og det som gjer det mogleg å drive effektiv saksbehandling. I 2024 har vi forvalta fem ordningar gjennom systemet og gjort nærare 40 000 tildelingar.

Tilsyn med Grasrotandelen

Vi oppretta ti tilsynssaker i 2024, og nokre av organisasjonane blei utestengde frå ordninga.

Lotteri- og stiftelsestilsynet gjennomfører tilsyn med Grasrotandelen ut frå tips og/eller eigne risikovurderingar. Vi kan føre tilsyn med

- deltaking i ordninga.
- utbetaling av midlar og mottakarane sin tilgang til og bruk av midlane

Det er presisert at grasrotmidlane ikkje skal kome nærings- eller privatøkonomiske interesser eller typisk offentlege oppgåver til gode.

I 2024 oppretta vi ti tilsynssaker. To av desse blei avslutta med at mottakarane framleis er godkjende for deltaking i Grasrotandelen. Tre tilsyn fekk eit anna utfall, ved at organisasjonane har blitt utestengde frå Grasrotandelen. Fem saker er framleis til behandling. I 2024 har vi også avslutta fem eldre tilsynssaker som var starta før 2024. Dei enda med at to organisasjonar blei godkjende for vidare deltaking og tre organisasjonar blei utestengde.

40 000 grasrotmottakarar

Det er i dag registrert rundt 40 000 grasrotmottakarar, og over 1,1 millionar kundar hos Norsk Tipping er registrerte som grasrotgivarar. Frivillige lag og foreiningar i Noreg fekk i 2024 fordelt 858 millionar kroner gjennom Grasrotandelen. Det er ein auke på om lag 64 millionar kroner samanlikna med året før. Sidan starten i 2009 er det blitt utbetalt over 8 milliardar kroner til grasrota gjennom denne ordninga.

Dette er Grasrotandelen: Ein spelar hos Norsk Tipping kan bestemme at 7 prosent av speleinnsatsen skal gå til eit lag eller ein organisasjon som er registrert i Frivilligregisteret og godkjend som grasrotmottakar av Brønnøysundregistra. Dette er Grasrotandelen som spelaren gir til «sitt» lag.

Slik jobbar vi for at stiftelsane skal tene sine formål

Korleis bør stiftelsar førebu seg på framtida? Det sette vi søkelyset på i 2024. Vi presenterte ny kunnskap om stiftelsar si betydning for ei av dei store samfunnsutfordringane: sosial inkludering og utanforskap. I tillegg jobba vi aktivt med betre rettleiing, fekk fleire søknader og utvikla nytt register.

Norske stiftelsar forvaltar ein bokført eigenkapital på 250 milliardar kroner. Dette er betydelege verdier. Under Stiftelseskonferansen 2024 samla vi 200 deltakarar for å belyse status for stiftelsane og diskutere korleis dei kan førebu seg på framtida. Nettverk og læring mellom stiftelsar og andre aktørar er sentralt for vidare utvikling.

Også under Arendalsuka var det fleire arrangement som sette søkelyset på stiftelsar si rolle. I samarbeid med Stiftelsesforeningen inviterte Stiftelsestilsynet til panelsamtale om stiftelsar si rolle i forskning og utvikling og potensialet framover.

Du finn stiftelsar i alle sektorar, både store og små. Ein ny rapport frå oss viser kva betydning stiftelsar har for sosial inkludering, ei av dei store utfordringane i samfunnet. Stiftelsar er sentrale bidragsytarar for å redusere utanforskap og leverer i stor grad tenester som ikkje blir dekte av det offentlege i dag.

Alle stiftelsar har revisjonsplikt. I 2024 lanserte vi ein ny rettleiar for revisorar. Gjennom å trygge revisorane i deira arbeid med kontroll og oppfølging av stiftelsar bidrar vi til å trygge stiftelsane.

I 2024 publiserte vi ein rapport frå tematilsyn om transaksjonar med stiftelsens nærstående. Målet med rapporten var å formidle kunnskap om krava til slike transaksjonar og om habilitetsreglane. Det har bidratt til å auke kunnskapen om habilitet og nærstående transaksjonar i stiftelsane, og det gir styra verktøy til å sikre gode, lovlege prosessar.

I 2024 har vi jobba med digitale løysingar som skal gi meir effektive tenester til brukarane, og samtidig gi oss eit større kunnskapsgrunnlag for overvaking og kontroll med stiftelsane.

Dette arbeidet førte blant anna til at det i januar 2025 blei lansert ein ny publikumsversjon av Stiftelsesregisteret.

Vi jobbar kontinuerleg med å styrke og trygge stiftelsane. Gjennom vårt daglege arbeid ser vi kvar skoen trykker, og kva utfordringar i styrearbeidet som kan gi særleg risiko.

Vi har fått tilbakemelding om at styra ønsker meir konkret informasjon og rettleiing om innhaldet i krav og reglar i stiftelseslova. Vi prøver i størst mogleg grad å gi informasjon på faste digitale plattformer. Der når vi mange, og brukarane vil til kvar tid finne relevant rettleiing. Slik kan styret rette opp manglar – eller aller helst vere i forkant, før utfordringar og fare for lovbrøt oppstår.


Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet

4. Sikre en forsvarlig forvaltning av stiftelser og øke kunnskapen om deres samfunnsmessige betydning

(Frå Kultur- og likestillingsdepartementets tildelingsbrev 2024)

Trenden med færre, men meir robuste stiftelsar held fram

Trenden med færre stiftelsar og høgare eigenkapital held fram. Fleire stiftelsar blir oppheva enn oppretta, men eigenkapitalen aukar. Bokført eigenkapital har stige frå 202 milliardar kroner i 2020 til 248 milliardar kroner i 2023. Dei nye stiftelsane som blei registrerte i 2024, har ein samla kapital på 5,5 milliardar kroner. Ved utgangen av 2024 var det 6142 stiftelsar i Stiftelsesregisteret.



3

Stiftelseskonferansen 2024: «Stiftelsar i samtida – rigga for framtida?»

24. og 25. april samla vi over 200 deltakarar til den niande Stiftelseskonferansen i Førde. Temaet for årets konferanse var «Stiftelsar i samtida – rigga for framtida?».

Gjennom eit variert program såg vi på kva rolle stiftelsar har i dagens samfunn. Og ikkje minst kva rolle stiftelsar kan ta i framtida. Korleis kan dei førebu seg på å møte samfunnets krav og forventningar framover?

På scena bidrog blant andre statssekretær Erlend Kaldestad Hanstveit i Kultur- og likestillingsdepartementet, Stiftelsesforeningen, Sparebankforeningen, Finanstilsynet og representantar for fleire små og store stiftelsar. Blant deltakarane var representantar og rådgivarar for ei rekke stiftelsar.

Målet med konferansen var å bidra til kompetanseheving gjennom kunnskapsdeling og å lage ein arena for fagleg påfyll og nettverk for stiftelsar og andre relevante aktørar. Vi profilerte fagkompetansen og oppgåvene til Stiftelsestilsynet, og vi nytta høvet til å synleggjere stiftelsar som organisasjonsform. Det lykkast vi med.

Konferansen fekk høg skår i deltakarevalueringa – både på fagleg innhald og som nettverksarena. Ein ringverknad av konferansen er at Stiftelsestilsynet blei profilert som kunnskapsleverandør og tilsyn. I tillegg la konferansen til rette for samtalar om stiftelsar som organisasjonsform. Desse har i etterkant blitt følgde opp av diskusjonar i sosiale medium og i kronikkform.



Foto: Jostein Vedvik

Ny undersøking: Stiftelsar har stor betydning i arbeid med sosial inkludering



Mange stiftelsar reduserer barrierar, slik at fleire barn og unge får moglegheit til å delta på ulike aktivitetar. Illustrasjonsfoto: Photoevent.

2700 stiftelsar jobbar med sosial inkludering. Det utgjer om lag 43 prosent av alle stiftelsane i Noreg. Desse gjennomførte anslagsvis 17 000 aktivitetar i 2022 og gav om lag 2,5 milliardar kroner i gåver til sosial inkludering. Det viser den nye kartlegginga vi presenterte i 2024.

Konklusjonen er at stiftelsar gjer ein stor innsats på området, og at stiftelsar er ein sentral bidragsytar for å redusere samfunnsøkonomiske kostnader av utanforskap. Analysen er utført av Menon Economics på oppdrag frå Stiftelsestilsynet.

Når i snitt ut til over 2000 kvar

Kartlegginga viser at stiftelsar som jobbar med sosial inkludering bidrar til

- auka deltaking i arbeidsliv og skule
- auka sosial kompetanse
- betre fysisk og psykisk helse
- auka språk- og kulturkompetanse

Stiftelsane rettar seg mot eit stort mangfald av målgrupper med risiko for utanforskap. Nokre stiftelsar reduserer barrierar, slik at fleire kan delta på ulike arenaer, og gir barn og unge moglegheiter til å vere med på aktivitetar. I snitt oppgir kvar stiftelse i undersøkinga at dei når ut til over 2000 barn og unge.


3

Stiftelsar leverer tenester og dekker behov som ikkje blir dekte av det offentlege

74 prosent av stiftelsane som svarte på undersøkinga, oppgir at dei leverer tenester som det offentlege ikkje tilbyr, medan om lag 24 prosent leverer tenester som også det offentlege tilbyr.

Figuren viser eit anslag over kor stor del av stiftelsane som supplerer offentlege tenester på ulike måtar. Her ser vi vekk frå stiftelsar som i hovudsak deler ut pengar eller gåver. Vi ser blant anna at 31 prosent tilbyr tenester, aktivitetar eller anna som det offentlege ikkje tilbyr direkte – og som ikkje er finansiert av det offentlege. Stiftelsane sitt bidrag er derfor eit viktig supplement når det gjeld tenester til innbyggjarane våre.

Figur B: Fordeling av stiftelsar etter om dei tilbyr tenester som det offentlege også/ikkje tilbyr, og om dei er offentleg finansierte eller ikkje



N = 156. Kjelde: Spørjeundersøking til stiftelsar. *Menon Economics har sett bort frå stiftelsar som oppgir at dei i all hovudsak realiserer formålet gjennom utdeling av pengar/gåver. Det er også sett bort frå seks stiftelsar som svarte «Veit ikkje» på spørsmål om stiftelsen leverer tenester som det offentlege også tilbyr.

Ville ikkje hatt tilsvarande alternativ utan stiftelsane

Over halvparten av stiftelsane som har svart på undersøkinga, seier at målgruppa ikkje ville hatt noko tilsvarande alternativ dersom stiftelsen blei lagd ned eller aktiviteten fall bort.

Fleire forklarar dette blant anna med at stiftelsane kan ha betre kompetanse og kapasitet fordi dei har fleksibilitet til å utforme og tilpasse tilbodet, uavhengig av rammer frå det offentlege. Stiftelsane har dermed ei eiga rolle i å dekke behov i samfunnet.

3

Stiftelsar vil ha ei viktig rolle framover

Fleire av informantane som er intervjuet i undersøkinga, fortel at dei opplever at stiftelsar generelt har vore lite synlege, og at bidraget deira til samfunnet har vore undervurdert.

Eit fleirtal av stiftelsane meiner også at nettopp organisasjonsforma har positiv betydning for bidraget deira. Blant anna kan stiftelsesforma bidra til engasjement fordi formålet er langsiktig og ikkje drive av profitt. Rapporten peikar på at stiftelsar kan ha ei rolle i grenselandet mellom offentlege tilbod og det næringslivet tilbyr, og at dei kan nå ut til grupper og dekke behov som ikkje nødvendigvis blir dekte av andre aktørar.



Rapporten blei presentert på Stiftelseskongressen i april. Her frå panelsamtalen som tok utgangspunkt i funna. Foto: Jostein Vedvik.


Bidrar med ny kunnskap

Ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt er å auke kunnskapen om den samfunnsmessige betydninga til stiftelsane. Den nye rapporten blei først presentert på Stiftelseskongressen i april. Gjennom året har vi formidla funna på fleire nasjonale seminar, til stiftelsar og andre relevante aktørar. Slik bidrar vi med ny kunnskap på feltet, og tilbakemeldingane vi får, er at dette er viktig arbeid.

Sjå meir om undersøkinga på nettstaden vår: [Ny undersøking: Norske stiftelsar gjer ein betydeleg innsats for sosial inkludering – Lottstift](#)

3

Tematilsyn om nærstående transaksjoner



I 2024 fullførte vi tematilsynet om transaksjoner med stiftelsens nærstående, som vi begynte på i 2023. Vi kontrollerte om ti stiftelser har rutiner og internkontroll som sikrer at transaksjoner med stiftelsens nærstående blir behandlet på en forsvarlig måte og av et habilt styre. Kvar stiftelse fikk en tilsynsrapport der vi oppsummerte funn og gav rettleiing.

I tillegg utarbeidet vi en rapport om tematilsynet. Der presenterte vi krav til slike transaksjoner, noen typetilfelle stiftelsene bør være merksame på, og seks anbefalinger om hvordan stiftelser bør jobbe med temaet for å sikre at de følger lova.

Målet med rapporten er å formidle kunnskap om krav til slike transaksjoner og om habilitetsreglene. Slik skal stiftelser ha et verktøy for å sikre gode og lovlege prosesser. Rapporten blei presentert på Stiftelseskonferansen.

I 2024 har vi fokusert på å formidle kunnskap om rapporten og temaet, oppdatert nettstedet med rettleiingstekster og oppdatert sjekklista vår for habilitet, som er et hjelpemiddel for styre i stiftelsene.



Seniorrådgiver Merete Tollefsen heldt foredrag om habilitet og nærstående transaksjoner på Stiftelseskonferansen i april.
Foto: Jostein Vedvik.

3

Vi har halde fleire foredrag om temaet på frukostseminar og liknande arrangement. Der har vi nådd ei rekke stiftelsar, mellom anna i Trondheim, Oslo og Bergen. På desse arrangementa har vi også formidla informasjon til advokatar, revisorar og andre som gir råd til stiftelsar. Vi har dessutan presentert temaet i møte med enkeltstiftelsar og til tilsynsmyndigheitene i Sverige og Danmark.

Totalt reknar vi med å ha nådd fram til over 250 stiftelsar gjennom foredrag og innlegg. I tillegg kjem dei som har fått informasjon gjennom nyheitsbrev, gjennom deling i sosiale medium, på Stiftelseskonferansen og på nettstaden.

Stiftelsesregisteret i ny drakt

Å føre Stiftelsesregisteret er ei av hovudoppgåvene våre, og i 2024 jobba vi med å gjere registeret enklare å bruke.



Stiftelsesregisteret inneheld informasjon om alle norske stiftelsar. Like over nyttår i 2025 lanserte vi det i ny og meir brukarvennleg drakt. Vi håper det vil føre til at fleire bruker det til å finne kunnskap og informasjon om norske stiftelsar. Registeret er viktig i fleire samanhengar, både for dei som treng å finne informasjon om enkeltstiftelsar, og for dei som treng meir samanstilt kunnskap. Det bidrar også til at stiftelsar i Noreg er transparent.

Løysinga er bygd i Salesforce, og i prosjektet har vi både kartlagt, designa nytt register, utvikla og testa. Målet med å bygge løysinga i Salesforce er mellom anna å gjere det enklare å vidareutvikle registeret seinare. I tida framover vil vi prioritere å kunne få inn fleire opplysningar frå andre offentlege register.

Ny rettleiar til revisor

I 2024 laga Stiftelsestilsynet ein ny rettleiar for revisorar. Den gir oversikt over spesielle plikter i samband med revisjon av stiftelsar og er meint som eit nyttig verktøy for alle som reviderer stiftelsar.

Alle stiftelsar har revisjonsplikt. Det betyr at alle stiftelsar må velje ein ekstern statsautorisert revisor. Ved å trygge revisorane i deira arbeid med kontroll og oppfølging av stiftelsar bidrar vi til å trygge stiftelsane.

I revisjonsmeldinga skal nemleg revisor uttale seg om i kva grad stiftelsen blir forvalta og gjer utdelingar i samsvar med lov, stiftelsen sine formål og stiftelsen sine vedtekter. For å kunne uttale seg om dette treng revisor kunnskap om kva ein stiftelse er, om stiftelsen sine vedtekter og om dei lovane som gjeld for stiftelsar.

Revisoren sin kontroll er viktig for å bevisstgjere styremedlemmene på plikter og ansvar i stiftelsen. Revisor vil på eit tidleg tidspunkt kunne avverje uforsvarleg forvaltning eller moglege urettmessige disposisjonar. I tillegg gjer revisjonsplikta stiftelsane mindre sårbare for kvitvasking. Revisoren skal vere samfunnet sin tillitsperson. Derfor er revisorar ei viktig målgruppe for Stiftelsestilsynet.

3

Revisorforeningen har vore orientert undervegs og har fått høve til å uttale seg i arbeidet med rettleiaren. Den ferdige rettleiaren blei publisert på våre og Revisorforeningen sine nettsider i oktober 2024.

I 2025 vil vi jobbe med å gjere rettleiaren kjend for fleire. Vi vil følge opp bruken av rettleiaren og ta med tilbakemeldingar frå revisorane inn i arbeidet med oppdatert versjon, som er venta å vere klar hausten 2025.

Betre og meir informasjon

I det førebyggjande tilsynsarbeidet har vi over mange år jobba aktivt med rettleiing og med å styrke kompetansen til styremedlemmer og andre aktørar i og rundt stiftelsane. I 2024 har vi intensivert arbeidet og blant anna betra informasjonen på nettstaden vår.

Vi skal i størst mogleg grad bruke fellestiltak for å nå ut med rettleiinga vår. Slik når vi mange, og brukarane våre kan til kvar tid finne informasjonen digitalt på nettstaden vår.

Nytt nyheitsbrev når mange

Frå sommaren 2024 begynte vi å sende ut nyheitsbrev. I løpet av hausten fekk vi 800 abonnentar og gode lesartal.

I brukarundersøkingar har vi fått tilbakemelding om at det er behov for meir konkret informasjon og rettleiing om innhaldet i krav og reglar i stiftelseslova. I juni starta Stiftelsestilsynet opp eit nyheitsbrev som brukarar kan abonnere på. No sender vi ut nyheitsbrev med rettleiing, informasjon og nyheitssaker ca. annankvar månad.

Dei første utsendingane har omtala fleire nye lovkrav og blant anna vist til nettsider med verktøy og sjekklistar for forsvarleg og godt styrearbeid. Opningsraten på dei første nyheitsbrevane har lege på 70 og 96 prosent, som er svært høgt. Vidare har 42–62 prosent av dei som opna breva, gått vidare til nettstaden vår for å lese meir om dei omtala sakene.

Formidling av nye lovkrav

Det er ei viktig oppgåve å formidle informasjon om kva krav og reglar som gjeld for stiftelsar, og halde styra og andre oppdaterte på nye lovkrav. I 2024 har vi gitt generell rettleiing om

- nye krav til kjønssamansetting i styret – [Nye krav til kjønssamansetting i styret – Lottstift](#)
- nye krav til stiftelsens namn – [Nye krav til stiftelsens namn – Lottstift](#)
- nye reglar om registrering av reelle rettshavarar – [Registrering av reelle rettshavarar: Dette gjeld for stiftelsar – Lottstift](#)
- nye reglar for kommunale bustadstiftingar – [Boligstiftelser – Lottstift](#)

3

Rettleiing og konkrete førespurnader

Vi får mange konkrete førespurnader frå brukarar og gir då konkret rettleiing til den enkelte. Spørsmåla kjem i stor grad frå personar som sit i eit styre og treng rettleiing om styrearbeid, men også frå andre som jobbar for eller samarbeider med stiftelsar.

Dei siste åra har vi hatt ein jamn, svak auke i journalførte rettleiingssaker til stiftelsane. I 2024 passerte vi 200 saker. Dette er saker der vi gir skriftleg rettleiing. Dei fleste har handla om styret, dagleg leiar og anna organ (48 saker), omdanning av vedtekter (35 saker) og avvikling av stiftelsar (29 saker).

I tillegg mottar vi kvart år eit stort tal telefonsamtalar og e-postar, der vi også gir rettleiing. Brukarar kan via eit skjema på nettstaden vår dessutan sende inn generelle spørsmål, som dei raskt får generelle svar på.

Sikre riktige rammer og riktig styre for stiftelsen

Gjennom det samla arbeidet vårt som tilsynsorgan ser vi spørsmål og problemstillingar som går att, og som dermed er sentrale for mange stiftelsar. Nokre av desse har høg risiko og kan medføre alvorlege konsekvensar. For å førebygge går vi ut med informasjon og rettleiing på desse tema på nettstaden vår. Slik kan styret rette opp manglar – eller aller helst vere i forkant, før utfordringar og fare for lovbrøt oppstår.

Når ein skal sikre at stiftelsen er riktig organisert og forsvarleg forvalta, er det viktig å følge rammene i vedtektene. Vi har hatt mange saker og førespurnader der det har vore ulike oppfatningar om korleis ein skal forstå vedtektene, og derfor har vi prioritert å utarbeide generell rettleiing om dette på nettstaden.

Vi har også fått mange spørsmål om potensielt ugyldige vedtak i stiftelsar. Derfor har vi utarbeidd ny rettleiing og informasjon om korleis styra sikrar rett samansetting, og kva som må til for å vere eit vedtaksført styre.

Fleire søknader dei siste åra

I 2024 var det ein stor auke i søknader samanlikna med åra før. Det gjaldt spesielt søknader om vedtektsendringar.

I løpet av året fekk vi 532 søknader om vedtektsendring, mot 384 i 2023 og 437 i 2022. Ein del av auken kan tilskrivast at vi no avviser søknader som manglar nødvendig dokumentasjon. I tillegg tredde det i kraft nye reglar med krav til kjønnsamansetting i styret og stiftelsens namn. Dei nye reglane omfattar svært mange stiftelsar, og vi forventar derfor ein auke i tal vedtektsendringar om dette i åra framover.

Oversikta over søknader frå 2024 viser meldingar om oppheving av bustadstiftelsar som er oppretta av kommunar, jf. reglane i stiftelseslova kapittel 6 A. Dette regelverket er mellombels og gjeld frå 2023 og ut 2028. I 2024 fekk vi 20 slike meldingar, mot 8 året før. Auken i 2024 har truleg samanheng med at regelverket er mellombels, og at kommunane treng tid på å avgjere om dei skal søke.

For ei av sakene, der stiftelsen blei oppheva etter klagebehandling, er det reist søksmål om gyldigheita av Stiftelsesklagenemnda sitt vedtak. Det gjeld Boligstiftelsen i Trondheim, og søksmålet er ikkje avgjort.

3

Auka kontroll av innsende søknader

Dei siste åra har vi styrkt kontrollen med om søknadene oppfyller grunnleggande vilkår for behandling. Det gjeld for eksempel om styret er vedtaksført og habilt, og om dei har følgd vedtektsfesta saksbehandlingsreglar. Søknader som inneheld grunnleggande manglar, blir normalt avviste.

Oversikt over søknader i 2024

	2021	2022	2023	2024
Stiftelsar				
Nyregistrering	116	93	99	95
Kapitalendring	41	34	73	53
Dispensasjonar	5	5	9	10
Oppnemning av styre	10	4	5	7
Vedtektsendring	431	437	384	532
Oppheving	170	164	207	227
Samanslåing	24	26	18	28
Deling	-	-	3	-
Sum søknader frå stiftelsar	798	772	798	952
Oppheving av bustadstiftelse oppretta av kommunar				
Melding om oppheving av bustadstiftelse			8	20
Andre saksområde				
Uråderett – stiftelseslova § 55	40	22	17	12
Beslagsforbod etter dekningslov og arvelov	139	197	193	194
Samvirkeføretak	1	1	2	1
Sum søknader etter anna lovverk	180	220	212	207

Andre ansvarsområde

Stiftelsestilsynet har fleire oppgåver som ikkje gjeld stiftelsar. Det gjeld oppheving av uråderettar, for eksempel rådveldeavgrensingar og særeige. Vidare gjeld det oppheving av private beslagsforbod etter dekningslova og arvelova. Og til sist gjeld det enkelte tilfelle av omorganisering av samvirkeføretak. Fellestrekk for desse sakene er at vi vernar vernar om eit privat formål, og at sakene er særleg ressurskrevjande. Sakstilfanget på desse områda har vore stabilt.

Ny saksbehandlingsløyising

I løpet av 2024 tok vi i bruk ny saksbehandlingsløyising i Salesforce for søknader om nyregistrering og vedtektsendring. Løysinga effektiviserer og styrker saksbehandlinga, i tillegg til at ho gir oss eit godt kunnskapsgrunnlag. Saksforløpa for oppheving og samanslåing vil bli ferdige i 2025.

3

Klagesaker i 2024

I 2024 fekk vi totalt 24 klagesaker på alle saksområda våre. Det er 13 fleire enn i 2023, men innanfor normal variasjon. Dei fleste klagane gjeld vedtak i saker om endring av vedtekter, som også er den sakstypen der vi får flest søknader.

Som nemnt over har vi styrkt kontrollen med oppfylling av grunnleggjande vilkår for behandling av søknader. Det har ført til fleire avviste søknader og klager på avvising. Stiftelsesklagenemnda har behandla klager som gjeld om styret er vedtaksført og habilt.

Stor auke i tilsynssaker

I 2024 har det vore ein stor auke i tilsynssaker. I 2022 og 2023 var det ca. 335 saker årleg, medan vi i 2024 hadde ca. 458 saker. Det utgjør ein auke på 35 prosent.

Auken gjeld på fleire område og kan ha samanheng med at vi satsar på å vere meir synlege, og at vi jobbar meir med informasjon og rettleiing overfor omverda. Det kan gjere at fleire er merksame på stiftelsane – og dermed at vi får fleire spørsmål og tips.

Sjølv om auken har vore stor, løyser vi framleis dei fleste førespurnadene med rettleiing og påpeiking av plikter. Vi opnar få enkelttilsyn og prioriterer dei mest alvorlege sakene. Det er i samsvar med føringane om effektive tilsyns- og kontrolltiltak med utgangspunkt i risikoanalyse.

Oversikt over hendingar registrerte som saker og vår oppfølging av dei

	2022	2023	2024	Oppfølging
Nye hendingar der vi ser avvik eller risiko for avvik	235	242	304	Alle saker blir risikovurderte. Oppfølginga av saka og val av verkemiddel følger av den dokumenterte risikovurderinga.
Frå revisorbrev	179	179	227	Alle revisorbrev blir risikovurderte. Dei fleste revisorbrev blir følgde opp med påpeiking av plikter og rettleiing. Dersom tipsa gjeld forhold med høg risiko, gjennomfører vi tilsyn og kontroll.
Frå tips/meldingar	37	50	59	Alle tips blir risikovurderte. Oppfølginga av saka og val av verkemiddel følger av den dokumenterte risikovurderinga.
Ekstern varslingsom forhold i stiftelse	7	4	8	Alle offentlege verksemdar er pålagde å ta imot varslingsom samsvar med nasjonale retningslinjer. Slike varsel blir følgde opp på same måte som tips.
Media og annan overvaking mv.	6	5	6	Vi overvaker media og fangar opp saker som vi risikovurderer. Dei fleste blir følgde opp med rettleiing, men for forhold med høg risiko gjennomfører vi tilsyn og kontroll.
Bakgrunn i søknadskontroll	2	2	3	Vi behandlar søknader om omdanning frå stiftelsane. Under dokumentasjonskontrollane kan vi sjå risikoar som vi må følge opp.
Melding om forhold i stiftelse frå anna kontrollorgan	4	2	1	Vi samarbeider strategisk med andre kontrollorgan, slik at vi kan få melding dersom dei oppdagar hendingar i stiftelsane.

Nærare om korleis vi har følgd opp hendingane ved annan risiko

	2022	2023	2024	Oppfølging
Registerbaserte tilsyn – standardavvik henta frå offentlege register:	84	76	141	Dersom vi fangar opp konkrete avvik, sender vi ut brev med påminning og påpeiking av plikter. Dette gjeld både dersom det ikkje er registrert revisor eller styre, og dersom det ikkje er levert årsrekneskap. Desse breva sender vi samla til dei aktuelle stiftelsane som registerbaserte tilsyn.
Ikkje registrert revisor	35	35	41	Vi sender ut brev dersom stiftelsen ikkje har registrert revisor.
Ikkje registrert riktig styre	4	29	78	Vi sender ut brev dersom stiftelsen ikkje har registrert styre. Vi sender ut brev dersom talet på styremedlemmer som er registrert som styre, er lågare eller høgare enn talet i stiftelsens vedtekter.
Ikkje vedtaksført styre				
Ikkje levert årsrekneskap	9	7	17	Vi sender ut brev dersom stiftelsen ikkje har levert årsrekneskap. Dersom stiftelsen ikkje har levert årsrekneskap for to år (gjentakande forhold), sender vi melding til politiet.
Spørsmål knytte til heimel til fast eigedom	27	4	0	I saker der vi ser at stiftelsane ikkje har eintydig heimel til fast eigedom, f.eks. manglar organisasjonsnummer i grunnboka.
Andre avvik	9	1	0	
Tematilsyn	0	10	0	Planlagt tilsyn med fleire stiftelsar om utvalde tema/ område basert på heilskapleg risikovurdering. I 2018 var temaet kapitalforvaltning (20 stiftelsar) og i 2021 formålsrealisering (37 stiftelsar). I 2023 handla tematilsynet om transaksjonar med stiftelsens nærstående (10 stiftelsar).
Samordna tilsyn	17	0	1	Tilsyn som gjeld fleire lover og er samordna med anna tilsynsorgan. I 2022 hadde vi og Udir samordna tilsyn med 3 stiftelsar som drifta 14 barnehagar. Temaet var habilitet og nærstående transaksjonar. Dette var første året vi hadde planlagde samordna tilsyn.
Dialog og rettleiing	205	211	343	Dialogbasert tilsynsarbeid. Eit strategisk val har vore å gå i dialog med styra i stiftelsar så tidleg som mogleg. Vi rettleiar og får forsikringar frå styra på at dei jobbar forsvarleg. Dialog med styra i stiftelsane kan vere både munnleg i møte og skriftleg.
Enkelttilsyn (kontrollsak)	4	3	2	Tilsyn er verkemiddelet vi nyttar i dei mest alvorlege sakene, og i saker der det er høg risiko for store manglar og konsekvensar for stiftelsen. I desse sakene innhentar vi omfattande dokumentasjon og opplysningar frå stiftelsen og andre aktørar. Sakene endar alltid med tilsynsrapport eller meir omfattande brev til stiftelsen. Vår strategi er å redusere talet på store tilsyn og heller nytte andre førebyggjande verkemiddel. Talet på slike saker vil likevel variere med kva som skjer i stiftelsane. Der tilsyn er rett verkemiddel, skal vi nytte det.
Andre saker	1	4	3	
Totalt tal saker	329	341	458	Sum alle tilsynssaker. Av desse blir dei fleste følgde opp med førebyggjande verkemiddel, som rettleiing og registerbaserte tilsyn. Det har vore ein stor auke i slike saker i 2024.

3

Styrking av kontrollen til revisor gir resultat

I fleire år har vi jobba med å styrke revisorar og dermed redusere risiko i stiftelsane. Stiftelsestilsynet ser no ein markant auke i talet på nummererte brev, som stiftelseslova pålegg revisorar å sende oss kopi av.

I 2024 har vi jobba vidare med tiltak for å styrke revisorar og dermed trygge stiftelsane. Styret er ansvarleg for eigen internkontroll, og revisor fører kontroll med styret. I 2024 utarbeidde vi ein ny rettleiar for revisorar av stiftelsar. I tillegg har vi tett dialog med og rettleiing av revisorar i konkrete saker. Det gir revisorane auka kunnskap om kva dei må vere særskilt merksame på når dei reviderer stiftelsar.

Ved at revisorar får betre kunnskap og verktøy, blir oppfølginga deira av forvaltninga og styrearbeidet i stiftelsane styrkt. Det reduserer risiko i stiftelsane, noko vi ser på auken i meldingar frå revisorar.

Viktige opplysningar i meldingar og tips

Det har også vore ein liten auke i meldingar inn til Stiftelsestilsynet, men innanfor normal variasjon. Dei siste åra har vi jobba meir aktivt med formidling, noko som kan ha ført til at Stiftelsestilsynet har blitt meir synlege og dermed får fleire tips om forhold i stiftelsar.

Tips og meldingar er viktige for å kunne vurdere kor alvorlege forholda i ein stiftelse er. Informasjonen vi får på denne måten, blir også ein del av vårt samla kunnskapsgrunnlag.

Registerbaserte tilsyn sikrar rett organisering av stiftelsen

I 2024 sende vi ut registerbaserte tilsyn i fleire saker enn åra før. Det er førebyggjande og effektivt å sende standardiserte påminningar til stiftelsane om tiltak dei må sette i verk for å rette opp manglar i ein tidleg fase.

Det er med på å sikre at det er riktig styre som fattar habile og gyldige avgjerder, og at stiftelsen har revisor, leverer årsrekneskap og har føresetnader for forsvarleg forvaltning.

Stiftelsane skal blant anna registrere opplysningar om kven som har roller og verv, i Stiftelsesregisteret. Rapportar frå registeret viser om det er manglar i organiseringa av stiftelsen. Det kan for eksempel vere at dei manglar revisor, ikkje har levert årsrekneskap eller har for få eller for mange registrerte styremedlemmer i høve til vedtektene. Det er slike saker som har hatt størst auke.

Dersom styret ikkje er rett samansett, risikerer styret å fatte ugyldige vedtak. Det vil medføre store negative konsekvensar for stiftelsen. Derfor er det avgjerande å ha eit riktig samansett styre.

3

Samarbeidsaktører med merksemd på stiftelsar

I enkeltsaker får vi varsel frå andre kontrolletatar. Den faste dialogen vi har med fleire etatar, sikrar effektivt samarbeid og samordning av tilsynsarbeid, slik at Stiftelsestilsynet ikkje alltid treng å utøve kontroll.

Andre aktører som har myndigheit, og gjerne også er tilskotsytarar, har ofte meir konkrete heimlar og vilkår enn dei generelle som går fram av stiftelseslova. Dermed kan dei følge opp forholda meir effektivt. Dette synleggjer behovet for å utvikle Stiftelsestilsynet sine påleggsheimlar eller tilsvarande reguleringsverkemiddel, sidan det ville betre effektiviteten i Stiftelsestilsynet si myndighetsutøving.

Viktige samarbeidsetatar er blant anna Skatteetaten, Arbeidstilsynet, Finanstilsynet og revisorar. I dei meir alvorlege sakene blir politiet kopla inn. I tillegg kjem dei som har tenesteregulverk for stiftelsar sine aktivitetar og/eller tilskot, for eksempel Utdanningsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og Helsedirektoratet.

Finanstilsynet fører tilsyn med sparebankstiftelsar, men kan også kontrollere revisor sitt arbeid. I 2024 hadde dei to saker som gav viktige prinsipielle avklaringar om revisjon av stiftelsar. Dei la særleg vekt på at revisor må vere bevisst på at stiftelsar ikkje har eigarar. Vurderingane og konklusjonen i rapporten gir viktige premisser som vi kan nytte direkte også i vårt arbeid.

Strategiske samarbeid nasjonalt

Stiftelsestilsynet har strategisk samarbeid med mellom anna Stiftelsesforeningen, BI, Finanstilsynet, Revisorforeningen og Sparebankforeningen. Det omfattar utveksling av informasjon og rolleavklaringar, men også deltaking på arrangement hos kvarandre. Samarbeida er særleg viktige for å nå ut med kunnskap om stiftelsar.



Edvard Moser, Kavli-institutt for Nevrovitenskap, Alexandra Bech Gjorv, SINTEF, Helge Lund, Nova Nordisk Foundation, Siw Heggedal Longvastøl, Stiftelsestilsynet, Mari Sundli Tveit, Norges forskningsråd, Oddmund Hoel, Forskning og høyere utdanningsminister (dåverande), May-Britt Moser, Kavli-institutt for Nevrovitenskap, Bjørn O. Øiulfstad, Stiftelsesforeningen Foto: Geir Mogen / Kavli Institute for Systems Neuroscience, Karoline Ravndal Lorentzen / SINTEF, Novo Nordisk, Stiftelsestilsynet, Norges Forskningsråd, Kunnskapsdepartementet.

3

Under Arendalsuka 2024 var det fleire arrangement som sette søkelyset på stiftelsar og kva rolle dei har og kan ha i framtida. I samarbeid med Stiftelsesforeningen inviterte Stiftelsestilsynet til samtale om stiftelsar si rolle i forskning og utvikling og potensialet framover. Der såg ein også til erfaringar frå Danmark. I panelet deltok forskings- og utviklingsministeren og Forskningsrådet saman med sentrale stiftelsar som Sintef, DNV, Nova Nordisk Foundation, Sparebankstiftelsen Sparebanken Sør og Kavli-institutt for nevrovitenskap.

Internasjonalt samarbeid

Det er viktig å lære av andre, og Stiftelsestilsynet deltar årleg i samarbeid med nordiske myndigheiter og i det europeiske forumet for stiftelsar, Philea.

I 2024 var Erhvervsstyrelsen i Danmark vertskap for det nordiske kollegiet. På det årlege nordiske møtet deler tilsynsmyndigheitene erfaringar og diskuterer konkrete saker. Sentrale tema på årets møte var habilitet og rolleblending, vederlag for styrearbeid i stiftelsar, og lovarbeid.

30. september deltok vi på Fondenes Dag i København, som årleg samlar dei næringsdrivande stiftelsane i Danmark. Her sette dei søkelyset på transparens, habilitet og bonusutbetalingar, i tillegg til anbefalingar for god leiing av stiftelsar. I Danmark gir nemleg Komitéen for god Fondsledelse ut Anbefalinger for god Fondsledelse, som næringsdrivande stiftelsar må følge eller forklare kvifor dei ikkje følger. Også norske stiftelsar kan ha utbytte av å gjere seg kjende med desse anbefalingane.



Kollegaer frå Länsstyrelsen Stockholm og Västra Götaland, Civilstyrelsen og Erhvervsstyrelsen i Danmark og Stiftelsestilsynet samla i København til nordisk møte.

3

Philantropy Europe Association (Philea) arrangerer årleg ein konferanse for europeiske stiftelsar og donorar/givarar. I 2024 blei Philea Forum halde i Gent i Belgia. Det er interessant og nyttig å få stadfesta at mange av trendane vi ser i Noreg, også gjer seg gjeldande i Europa og USA. Mange tema som vi sette på dagsordenen på vår eigen stiftelseskonferanse, blei også omtala i Gent.

Mottakarane av støtte frå stiftelsane, som gjerne sjølve er stiftelsar, ønsker å sleppe å bruke store ressursar på søknadsprosessar og rapportering. Det er krevjande, og skapar stor uvisse, å måtte søke om støtte kvart år. Oppmodinga er derfor at støtta bør gå over fleire år, når midlar først blir tildelt. Vidare skaper det utfordringar for mottakarane at dei berre får støtte til prosjekt og ikkje til drift.

Temaet på konferansen var tillit, og fleire tok til orde for at mottakarar av støtte må bli vist større tillit. Det blei uttrykt ønske om å gi mottakarane større fridom til å bestemme kva midlar skal brukast til, også etter at dei har fått midlane. Større tillit kan ein for eksempel vise ved å krevje mindre rapportering på bruk av midlar. Dette er interessante og utfordrande synspunkt i eit tilsynsperspektiv.

Etter konferansen har Stiftelsestilsynet, i samarbeid med Skatteetaten, bidratt med Noregs innspel i Philea sin rapport om nasjonale retningslinjer for stiftelsesrett og skatterett. Rapporten gir ei oversikt over regelverk og føringar for stiftelsar i kvart europeisk land, slik at ein kan samanlikne rammevilkåra på tvers av land. Sjå [Philea releases first batch of 2024 update of legal and fiscal country profiles – Philea](#).



3

Slik jobbar vi for å forenkle for brukaren og vere ein synleg og tydeleg samfunnsaktør

Ny langtidsstrategi for Lotteri- og stiftelsestilsynet, utvikling av ny kampanje for å informere om lovlege spel og språkarbeid for å syte for godt språk er noko av det kommunikasjons- og strategiavdelinga har fokusert på i 2024.

Ny strategi skal ruste oss til å utføre samfunnsoppdraget i åra som kjem

Våren 2024 utarbeidde vi ein ny verksemdsstrategi. Strategien skal styrke oss som organisasjon dei næraste åra, slik at vi på ein god måte kan vareta det ansvaret og utføre dei oppgåvene vi blir tildelt.

Utviklinga av ny strategi bygde vidare på forprosjektet vi hadde hausten 2023. Der jobba vi med å kartlegge og analysere dagens situasjon, slik at vi hadde eit godt grunnlag for å utvikle ein ny strategi. I forprosjektet involverte vi også leiinga i Kultur- og likestillingsdepartementet.

Strategi for Lotteri- og stiftelsestilsynet 2024-2028

Vi jobbar målretta for at

Stiftelsane skal
tene sine formål

Det skal bli
enklare å drive
frivilligheit

Færre skal
oppleve
speleproblem

Derfor skal vi

Dyrke kunnskap og
kompetanse

Forenkle og forbetre

Styrke samhandling
– internt og eksternt

Vere synlege og
tydlege

3

Vi har valt oss ut fire strategiske satsingsområde som skal ruste oss til å utføre samfunnsoppdraget i åra som kjem.

Dyrke kunnskap og kompetanse

- Vi skal ha den beste og mest oppdaterte kunnskapen av relevans for samfunnsoppdraget våre.
- Vi skal ha iver og evne til å formidle og dele kunnskapen vår med dei som har nytte av den.
- Gode system og metodar for å bygge og dele kunnskapen, både internt og eksternt, blir avgjerande.
- Målretta kompetanseutvikling, evne til å halde på tilsette og god rekrutteringskraft skal sikre oss rett kompetanse for framtida.

Forenkle og forbetre

- Vi skal vere ein lærande organisasjon med blikk for å forenkle og forbetre arbeidsmetodar, prosessar og tenester.
- Vi skal bidra til reduksjon i klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk i verksemda.
- Solid kompetanse på teknologi og evne til å nytte denne målretta vil gjere oss meir effektive og sikre gode tenester.
- Det vil vere viktig med god innsikt i målgruppene og brukarane våre.

Styrke samhandling internt og eksternt

- God samhandling – både internt og eksternt – skal gjere oss betre i stand til å utføre samfunnsoppdraget vårt på ein god måte.
- Klargjering og tydeleggjering av roller og ansvar, og god organisering, skal bidra til at vi jobbar smartare og meir effektivt.
- Vi legg vekt på tidleg involvering og god kommunikasjon med avdelingar, stabar og andre organisasjonar.

Vere synlege og tydelege

- Det skal bli tydelegare for omverda kven vi er, kva vi driv med, og kva verdi vi har for samfunnet.
- Gjennom å vere tydelegare på verdien for samfunnet styrker vi omdømmet, rekrutteringskrafta og den interne kulturen.
- Gjennom styrkt rekrutteringskraft sikrar vi god kompetanse for framtida.
- Som tilsyn skal vi vere tydelege og rettferdige, og sikre god rettleiing.

Kampanje for å førebygge speleproblem

5 av 10 nordmenn veit ikkje eller er usikre på kva spelselskap som har lov til å tilby pengespel i Noreg, viser målingar Sentio gjer for oss. Dette tyder også på at mange ikkje veit om risikoen dei tar når dei spelar.

Ei av oppgåvene vi har ifølgje *Handlingsplan mot spilleproblemer 2022–2025*, er å drive førebyggjande informasjonsarbeid overfor grupper som er utsette for speleproblem, og å gjere befolkninga meir bevisst på dei utanlandske spelselskapa sine ulovlege aktiviteter.



I 2024 utvikla vi eit eige spelmerke, i samarbeid med grafiske designarar i Univerket. Spelmerket er på plass hos lovlege aktørar som tilbyr nettspel, og spelarane kan sjå etter det for å sjekke at dei spelar hos ein lovleg aktør.



Det tar tid å etablere eit merke. I første omgang kører vi ein informasjonskampanje retta mot unge menn, fordi dei er ei risikogruppe for å få speleproblem. For å nå dei der dei er, bruker vi TikTok, YouTube og Snapchat. I samarbeid med Brusjan har vi laga korte videoar med informasjon om merket og potensielle konsekvensar av å spele hos ulovlege aktørar. Vi har involvert målgruppa i arbeidet med kampanjen, både gjennom kvalitative intervju i forkant og ved at vi testa videoane på dei. For å nå andre målgrupper lagar vi også eigne annonsar til Facebook og Instagram.

Vi brukte store delar av 2024 på å utvikle merket og kampanjen, og sjølv kampanjeperioden starta i januar 2025. Målet vårt er at spelmerket i kombinasjon med DNS-blokkering av ulovlege nettstader vil auke kunnskapen i befolkninga om kva selskap som er lovlege i Noreg og ikkje.

Synlegheitsarbeid

Media

Lotteri- og stiftelsestilsynet blei nevnt i 1 244 artikler i 2024, fordelt på 239 unike kjelder.

Samanlikna med 2023 er dette ein nedgang på 122 artiklar. Ei truleg årsak til nedgangen er at vi i 2023 hadde stor omtale av befolkningsundersøkinga frå UiB som viste ei halvering i speleproblem. Omtalen av straumstøtteordninga var også betydeleg høgre i 2023 grunna høgare straumprisar.

Pengespelavdelinga er nevnt i 459 artiklar, frivilligheitsavdelinga i 334 artiklar og Stiftelsestilsynet i 354 artiklar. Talet for Stiftelsestilsynet er inkludert omtale i næringslivsloggar, utan det er dei omtalt i 192 artiklar.

I 2024 blei Lotteri- og stiftelsestilsynet omtalt positivt i 18 prosent av artiklane, mens sju prosent var negativ omtale, og 75 prosent er vurdert som nøytrale.

Samanlikna med 2023 er dette ein nedgang på 17 prosent i positiv omtale, samt ein auke på fire prosent i negativ omtale og 13 prosent i nøytral omtale.

Den positive omtalen er hovudsakleg knytt til rekord i søknad om moms-kompensasjon.

Når det gjeld negativ omtale, var april og desember månadane med flest treff. I april var det særleg eit lesarinnlegg frå Morten Klein som fekk noko spreining, der han kritiserte Lotteritilsynet for å nedprioritere problematikken rundt «skinbetting» retta mot barn og unge.

I desember var mykje av den negative omtala knytt til at Brevik tapte ei klagesak i Lotterinemnda.

2022	2023	2024
1801	1366	1278

3

Arrangement

I tett samarbeid med fagavdelingane har vi i 2024 gjennomført fleire arrangement som bidrar til nettverksbygging og den offentlege samtalen om aktuelle tema:

- Stiftelseskonferansen i Førde
- Stiftelsar og forskning – Arendalsuka
- Gråsona gaming/gambling – Arendalsuka
- Speleansvarskonferansen

Slik jobba vi med klarspråk

Alt vi skriv, skal bli forstått på første forsøk. Det har vore målet vårt sidan 2011. For å klare dette treng vi stadig oppfrisking og påfyll. Derfor arrangerer vi kvart år ein eigen språkdag for alle tilsette.



Kommunikasjons- og strategidirektør Terje Gilleshammer under Språkdagen for alle tilsette i 2024.

I 2024 heldt Irene Fossen i Klart sagt kurs for oss med «Tenk klart. Skriv smart!». Klarspråk er minst like mykje ein måte å tenke på som ein måte å skrive på. Vi blei påminnte om kvifor klarspråk er så viktig, og vi fekk nyttige råd om korleis vi kan jobbe vidare med tekstane våre i alt frå vedtak til nettsider – for å gjere dei tydelegare for lesarane.

I arbeidet med rettleiaren *Forenkling av statlige tilskuddsordningar for frivillige organisasjonar*, som er omtala i kapittel 3, la vi ned eit grundig klarspraksarbeid. Eit av måla med rettleiaren er å få forvaltarane til å bruke klarspråkprinsippa i tilskotsordningar retta mot frivillige organisasjonar. Då var det vesentleg for oss at rettleiaren er i klarspråk.

I 2024 gjennomførte Språkrådet tilsyn med Lotteri- og stiftelsestilsynet, basert på det vi leverte i 2023. Resultatet av tilsynet kan de lese meir om i fellesføringane på side 10.

3

Arbeid med universell utforming av nettstader

I 2024 har vi retta opp mindre feil på lottstift.no og hjelpelinjen.no for å halde nivået vi la oss på året før. Vi gjorde ein omfattande jobb med universell utforming av begge nettstadene i 2023.

Alle større rapportar og dokument som skal publiserast på nettstadene, blir sende til ein ekstern leverandør for UU-utforming. I 2025 planlegg vi kursing av alle tilsette i universell utforming av dokument for å auke den interne kompetansen.

Brukarbesøk på lottstift.no

Utviklinga i besøk på nettstaden vår har dei siste åra vore stabil. Samtidig ser vi at tal sidevisingar går ned, noko som kan ha ulike årsaker. Det kan blant anna tyde på at brukarane løyser oppgåvene sine med færre sidebesøk.

År	Besøk	Sidevisingar
2024	285 849	688 256
2023	267 723	793 957
2022	292 097	989 105

Tabellen nedanfor viser sidevisingar fordelte på dei ulike målgruppene våre. Vi ser at frivilligområdet er mest besøkt. Det er naturleg, då vi har den største målgruppa og flest brukaroppgåver på dette området.

Område	Sidevisingar	Unike sidevisingar
For frivillige organisasjonar	252 992	206 283
For aktørar som tilbyr pengespel	71 618	58 133
For spelarar	56 865	48 143
For stiftelsar	83 271	66 501

Stiftelsesregisteret hadde 22 148 unike sidevisingar og Pengespelregisteret hadde 34 504 unike sidevisingar i 2024.

Styring og kontroll i verksemda

Hovudelementa i styring og kontroll

Internkontroll og risikostyring

Kultur- og likestillingsdepartementet sin instruks om økonomi- og verksemdsstyring stiller krav til verksemda. Verksemda skal halde høg kvalitet og skal drivast effektivt og i samsvar med lover, reglar og mål. Direktøren har det overordna ansvaret overfor departementet på alle område, og instruksjonen slår fast at direktøren har ansvar for den daglege leiinga av verksemda. Løpande leveransar og etablert drift blir delegert vidare frå direktøren til avdelingane gjennom organisering, roller og fullmakter. Leiarmøte blir halde kvar veke.

Styringsprosessane i Lotteri- og stiftelsestilsynet følger årshjulet for budsjettarbeid og rapportering. I tillegg følger dei styringskalenderen frå departementet, som mellom anna omfattar to årlege etatsstyringsmøte. Det er fleire faste leveransar i forkant av etatsstyringsmøta, mellom anna risikovurdering på verksemdnivå.

Verksemdplan og driftsbudsjett blir utarbeidde før jul for det kommande året, og saman med strategidokumentet blir dei reviderte ved halvårsgjennomgangen i juni månad.

Internkontroll, dokumentasjon og støttesystem for styring og rapportering er prioritert, og vi legg vekt på at alle område i verksemda skal vere dekte på ein forsvarleg måte. Vi nyttar løysinga frå Corporater til årsplanlegging, risikovurdering og rapportering. Til strukturering av internkontrolldokumentasjon og som avvikssystem nyttar vi Compendia si løysing.

Arbeidet med internkontroll og prosedyrar for styringsprosessar har halde fram i 2024. Direktøren har oppdragsdialog med leiarane og kjerneprosesslaga for forvaltning, tilsyn og kunnskapsbygging. Det blir gjennomført halvårlege rapporteringsmøte der årsplan, status og prioriteringar er tema. I tillegg har leiargruppa felles gjennomgang av nøkkelkontrollar og avvik to gonger årleg.

Risikovurdering på verksemdnivå blir utarbeidd to gonger i året og oversend til departementet. Risikobildet i Lotteri- og stiftelsestilsynet ber preg av moderat og handterbar risiko. Vi har hatt bra stabilitet i organisasjon, leiing og oppdragsportefølje den seinare tida.

Økonomistyring og innkjøp

Rekneskapen er omtala i del 6.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har fullservicemodell hos Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). For oss som mellomstor statleg verksemd er det viktig å hente ut mest mogleg effektivitet av samarbeidet. DFØ utvidar stadig tenestetilbodet, og vi tar aktivt i bruk nye løysingar. I 2024 har vi gjennomført innføringsløpet for statlege rekneskapsstandardar, periodisert rekneskap, for å vere klare til overgang i 2025.

4

Ein stor del av varekjøpa våre, mellom anna innan IT, blir også gjort innanfor dei sentrale rammeavtalane som er forhandla fram av DFØ.

Arbeidet med å motverke arbeidslivskriminalitet gjennom handtering av innkjøp er eit ansvar statleg sektor har. Lotteri- og stiftelsestilsynet har dette aspektet med ved anbudsprosessar og inngåing av kontraktar. På våre innkjøpsområde vurderer vi risikoen for arbeidslivskriminalitet som liten.

Riksrevisjonen

Riksrevisjonen sine tilbakemeldingar har også for 2023-rekneskapen vore gode.

I 2024 har vi som del av dialogen med Riksrevisjonen hatt fleire prosessgjennomgangar som omfattar både fagavdelingane sine prosedyrar for forvaltning, bruk av fagsystem og økonomileddet sine prosedyrar for mellom anna utbetaling av tilskot og behandling av inngåande og utgåande fakturaer. Alle desse gjennomgangane har gått fint, og for vår del er dialogen med Riksrevisjonen nyttig for å sikre kvalitet.

Vi har ikkje fått revisjonsrapporten for 2024 enno.

Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Lotteri- og stiftelsestilsynet blei sertifisert som Miljøfyrtårn i 2023. Sertifiseringsordninga skal hjelpe bedrifter med å dokumentere og forbetre arbeidet med miljø og samfunnsansvar. Sertifiseringa har mellom anna bidratt til at vi har gjennomført fleire konkrete tiltak:

- utarbeiding av policy for klima og miljø
- nye og oppdaterte rutinar for avfallshandtering
- oppdatert prosedyre for innkjøp, anbod og prisførespurnad

Desse tiltaka medverkar til at vi blir ei meir berekraftig verksemd. Gjennom å vere Miljøfyrtårn har vi forplikta oss til å halde fram med å redusere miljøpåverknaden vår. Dette veit vi er viktig for våre interessentar og potensielle arbeidstakarar.

Vi har hatt ei rekke positive tiltak knytte til bygd drift dei seinare åra, ikkje berre i 2024. Det er innført fjordvarme som varmekjelde, vi er i gang med å byte all belysning til LED-lys, og vi har lagt til rette for ladestasjonar.

I 2024 har vi hatt særleg merksemd på avfallssortering, også matavfall. Dette er no innført for alle funksjonar på bygget, både kontordrift og kantine. I samband med dette har vi hatt eigne aksjonar for å sortere matavfall og redusere papirforbruket frå eit allereie lågt nivå til eit minimumsnivå. Dei tilsette er blitt oppmoda om å sjå på eigne rutinar for utskrift, og vi har gått bort frå ein del papiraviser og over på e-aviser. Bruk av eingongsbestikk, -koppar og -servise er redusert til eit minimum, og vi har stoppa innkjøp av dette.

Organisasjonen og leiinga er bevisste på å redusere utslepp knytte til reiseverksemd. Reiseverksemd i form av flyreiser har mindre omfang i dag enn før pandemien, sjølv om vi er fleire tilsette. Dei siste par åra har vi lege på eit stabilt nivå som historisk sett er det lågaste tal fly- og bilreiser verksemda har hatt, sett i høve til tal tilsette.

Til føringar i tildelingsbrev:

- **Innlemme berekraftperspektivet i verksemda sine strategiar og handlingsplanar.**
I ny strategi for perioden 2024–2028 har vi tatt inn følgande formulering: «Vi skal medverke til reduksjon av klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk i verksemda.» Denne blir operasjonalisert i årsplanen.
- **Følg opp målet om systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk. I dette arbeidet skal det takast omsyn til varetaking av verksemda sine kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet.**
Sertifiseringa som Miljøfyrtårn betyr mellom anna at vi følger eit årshjul for planlegging og rapportering. Dette omfattar bevisstgjerings- og tiltaksplanlegging på mål og tiltak i leiinga og i organisasjonen, og dessutan måling og rapportering på dei tiltaka som ligg inne i tiltaksplanen.
- **Vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda.**
Lotteri- og stiftelsestilsynet utarbeider og reviderer årleg ein risiko- og sårbarheitsanalyse for tryggleik og beredskap. Faktorar som gjeld flaum og naturkatastrofar, inngår i denne.

Vi er ei kontorverksemd og kan rekne med at våre funksjonar berre i avgrensa omfang vil bli påverka av ytre miljø- og klimaendringar, men vi har redusert ein del reiseaktivitet for å medverke til mindre klimagassutslepp. Dette kan igjen føre til at vi ikkje møter brukarar og samarbeidspartar fysisk i like stor grad som før. Våre brukarar, som er frivillig sektor og Stiftelses-Noreg, blir påverka av klimaendringar slik samfunnet generelt blir påverka. Dette kan på sikt og indirekte ha ein viss påverknad på arbeidet vårt som forvaltnings- og tilsynsverksemd.

- **Gjere systematiske vurderingar av eigen energibruk og ta i bruk lønnsame energieffektive løysingar, og auke energifleksibiliteten der dette er relevant.**
Her har vi sett i verk fleire tiltak i samarbeid med huseigarar, mellom anna fjordvarme og LED-lys, som vi allereie har nemnt. Dette er tiltak huseigarar gjennomfører, men som i stor grad kjem som følge av dialog med oss som leigetakar.
- **Identifisere korleis tiltak verksemda set i verk i kraft av samfunnsoppdraget sitt, medverkar til å oppfylle sosial og økonomisk berekraft.**
Temaet er tatt opp i leiinga for bevisstgjerings- og tiltaksplanlegging. Der det er relevant, skal fagområda våre legge dette til grunn for utføring av samfunnsoppdraget.

Utvikling i tal tilsettingar av personar med nedsett funksjonsevne og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Regelverket stiller krav til både verksemdar og søkarar når det gjeld positiv særbehandling ved jobbsøk i staten. Lotteri- og stiftelsestilsynet har som rutine å kalle inn kvalifiserte søkarar med funksjonsnedsetjing, høl i CV-en eller innvandrarsbakgrunn. Generelt har få personar kryssa av for dette i søknaden sin. I 2024 tilsette vi ingen søkarar som eit resultat av positiv særbehandling.

Ser vi denne utviklinga opp mot gjennomsnittet for verksemda for 2020 og 2021, blei det i 2020 tilsett éin person med høl i CV-en. Også i 2021 tilsette vi éin person som eit resultat av positiv særbehandling. Vi ser at det for 2020 og 2021 var få søkarar i denne kategorien.

4

Vi har i 2024 drøfta med dei tillitsvalde kva som bør vere tilsynet sitt måltal for tilsettingar innanfor gruppa funksjonsnedsettingar eller høl i CV-en, og vi blei samde om at måltalet for 2025 skal vere 2 prosent, med ambisjon om å auke til 4 prosent over tid.

Konsulentbruk

Lotteri- og stiftelsestilsynet har i årsplanlegginga følgd opp fellesføringa om å redusere bruk av konsulenttenester, og føringa er tatt opp i leiarmøte for bevisstgjerjing.

Kjøp av slike tenester utgjorde 26 859 051 kroner i 2024, mot 24 229 590 kroner året før. Dette var ein auke på 2 629 461 kroner.

IT-relaterte kostnader knytte til utvikling og drift, og tenestekjøp knytte til *Handlingsplan mot spilleproblemer* utgjør 23 282 035 kroner, som er 87 % av dei samla konsulenttenestene. Dei IT-relaterte tenestene auka med 1 664 510 kroner, og tenester knytte til handlingsplanen auka med 1 685 700 kroner. Andre konsulenttenester blei reduserte med 720 749 kroner.

Kostnadene knytte til IT-tenester gjeld i hovudsak utvikling av register og fagsystem. Vi har fleire større utviklingsprosjekt som går over fleire år. Sjølv om vi har eigne utviklarar og prosjektleiarar, må vi kjøpe ein del tenester frå dei leverandørane vi samarbeider med. Vår største leverandør på utvikling leverte tenester for 9 millionar kroner i 2024. Omfanget av utviklingstenester har vore relativt stabilt dei siste tre åra.

For *Handlingsplan mot spilleproblemer* har dei økonomiske rammene for tiltaka auka, og dermed også tenestekjøpa. Største kjøp i 2024 var knytt til oppdragsforskning ved Universitetet i Bergen (5,1 millionar kroner) og drift av Hjelpelinjen for speleavhengige (3,5 millionar kroner). Frå 2024 er det Blå Kors Norge som står for drifta av Hjelpelinjen. Desse leveransane er ikkje konsulenttenester, men dei er med her fordi dei blir ført på kontogruppe for slike tenester

Når det gjeld kommunikasjonstenester, hadde vi eit samla tenestekjøp på 659 672 kroner. Av dette gjeld 430 000 kroner informasjonskampanjar knytte til handlingsplanen, 131 326 kroner gjeld språkvask og hjelp til klarspråk i rapportar og på nettsider, 95 246 kroner gjeld grafiske tenester for årsrapport og andre produkt, og 3 100 kroner gjeld kommunikasjonsrådgiving i samband med Stiftelseskonferansen. Vurderinga vår er at krava i fellesføringane er oppfylte med omsyn til kommunikasjonstenester.

Likestilling, mangfald og deltaking

Lotteri- og stiftelsestilsynet forvalta i 2022 og 2023 ordninga for tilskot til mangfalds- og inkluderingstiltak i idrett og fysisk aktivitet. Ordninga blei ikkje vidareført for 2024.

Det har i 2024 ikkje vore gjennomført særskilte tiltak ut over det som ligg i den ordinære forvaltninga vår på frivilligheits-, pengespel- og stiftelsesområdet.

Arbeidet vårt med likestilling og ikkje-diskriminering som myndigheitsorgan blir omtala under punkt B i neste avsnitt.

Aktivitets- og opplysningsplikt som arbeidsgivar og myndigheitsorgan

A. Som arbeidsgivar

Tilstanden for kjønnslikestilling

Statistikken for kjønnsbalanse, mellombels tilsette og deltidsarbeid er henta frå rapportløysinga DFØ Innsikt for HR og lønn.

Kjønnsbalanse		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Deltidstilsette	
Rapportert i tal		Rapportert i tal		Gjennomsnittleg tal veker		Rapportert i tal	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
56	42	6	10	20	14	2	0

Tala for kjønnsbalanse, mellombels tilsette og deltidstilsette er angitt i tal personar. Vi legg til grunn at ingen av dei som arbeider deltid, gjer det ufrivillig, men at dei ut frå sin noverande livssituasjon må og ønsker å jobbe i redusert stilling.

Når det gjeld foreldrepermisjon, viser tala gjennomsnittleg tal veker foreldrepermisjon dei tilsette har tatt ut, både lønt og ulønt. Kvinner tok i gjennomsnitt ut 20 veker og menn 14 veker foreldrepermisjon i 2024.

Verksemd	Alle stillingar*			Leiarstillingar*			Lønn** Kvinner/ Menn
	Tal	M	K	Tal	M	K	
Lotteri- og stiftelsestilsynet 2024	98	42	56	8	5	3	98,10 %
Lotteri- og stiftelsestilsynet 2023	101	47	54	8	4	4	97,00 %

* Alle stillingar 2024: 2/56 (3,6 %) kvinner deltid, 0/42 menn deltid. Leiarstillingar: 0/3 kvinner deltid, 0/5 menn deltid.

** 6/56 (10,7 %) kvinner mellombels tilsette. 10/42 (23,8%) menn mellombels tilsette. Lærlingar inngår i talet.

Arbeid for likestilling og ikkje-diskriminering

Lotteri- og stiftelsestilsynet jobbar for å fremme likestilling og hindre diskriminering, i tråd med lover og reglar. Vi er bevisste på dette i samband med rekruttering og lønnplassering.

Gjennom personalpolitikken vår legg vi mellom anna til rette for fleksibilitet gjennom fleksitidsordning, heimekontoravtalar og individuell tilrettelegging på arbeidsplassen ved behov. Slik kan tilsette ha ein god balanse mellom heim og jobb. Dette har leinga tett dialog med dei tillitsvalde og verneombodet om.

Også i 2024 har vi gjennomført den årlege likestillings- og diskrimineringsanalysen. I 2023 gjorde vi i tillegg ei kartlegging av lønnsforhold fordelt etter kjønn og bruk av ufrivillig deltidarbeid, noko vi er lovpålagde å gjere kvart andre år. Resultatet av årets kartlegging var godt. Det blei lagt fram for dei tillitsvalde og leiargruppa og dannar grunnlaget for vidare arbeid gjennom året.

4

Våre tillitsvalde er involverte i dei fleste prosessane på personalområdet som er omfatta av lova. Dei er direkte involverte i rekrutteringsarbeid og i arbeid med lønns- og arbeidsvilkår. I tillegg til partssamarbeidet og arbeidsmiljøutvalet (AMU) er dei tilsette også representerte i tilsettingsrådet. På den måten kan dei vere med på å fremme likestilling og hindre diskriminering i rekrutteringsprosessar.

For å identifisere risiko for diskriminering og faktorar som kan hindre likestilling, hentar vi i tillegg informasjon frå avvikssystemet vårt og resultat frå gjennomførte vernerundar.

Vi identifiserer dessutan risiko for diskriminering og manglande likestilling gjennom årlege medarbeidersamtalar, gjennom uformelle samtalar mellom leiar og tilsette og gjennom systematiske oppfølgingssamtalar som leiarane har med nytilsette gjennom prøvetida. Vi praktiserer også tett oppfølging av tilsette ved sjukefråvær og gjennom retningslinjer for konflikthandtering, varsling om kritikkverdige tilhøve, livsfasepolitikk, permisjonar og medarbeidarutvikling. Rutinane er kjende for dei tilsette.

Vi har arbeidd vidare med tiltak som blei sette i verk etter førre likestillings- og diskrimineringsanalyse og etter kartlegging av lønnsforhold fordelt etter kjønn i 2023.

Dette har vi gjort i 2024:

- Vi har jobba med å forbetre stillingsannonsane våre basert på råd frå Arbeids-givarportalen. Målet er å gjere tekstane meir inkluderande. Utlysingstekstane er noko vi kontinuerleg jobbar med å forbetre.
- Tiltaksplanen for 2024 omfatta mellom anna området lønns- og arbeidsvilkår, akkurat som i 2023. Vi har, som vi blei samde om i 2023, jobba førebyggjande med dette og knytt det opp mot organisasjonen sin lønnspolitikk.
- Vi har drive internundervisning for å gjere retningslinjene våre betre kjende i heile organisasjonen.
- Våren 2024 gjennomførte vi medarbeidarundersøking i staten (MUST). Resultata synte mellom anna at dei tilsette opplever å ha eit godt organisatorisk, psyko-sosialt og fysisk arbeidsmiljø. Vi skårar høgt på følgjande: tilhøyrsløst til organisasjonen, jobbengasjement, leiingsklima og psykologisk tryggleik. Sjå også avsnitt om HMT og arbeidsmiljø.

Rekruttering, lærlingar, mangfald og inkludering

I 2024 gjennomførte vi tolv rekrutteringsprosessar. Nokre av desse omfatta fleire stillingar. Vi tilsette totalt sju personar i faste stillingar, inkludert interne søkarar. Fem personar tilsette vi i vikariat og engasjement. Tre fast tilsette slutta, to mellom-bels tilsette slutta, og éin gjekk av med pensjon. Vi hadde også nokre permisjonar. Vi har i 2024 hatt tre lærlingar på IT-området. Lotteri- og stiftelsestilsynet er knytt til opplæringskontoret OK stat.

I 2024 hadde vi to sommarvikarar. Gjennom kommunen sitt introduksjonsprogram for vaksenopplæring og integrering hadde vi i tillegg éin person i språkpraksis. Målet var at hen skulle få praktisere norsk og få kjennskap til norsk arbeidsliv. I tillegg samarbeider vi med Nav om å bidra til at fleire personar kjem ut i arbeid.



Jurist Lene Knapstad heldt foredrag under karrierefestivalen Elevate. Foto: Photoevent.

Vi har i all hovudsak god tilgang på søkarar, men også i 2024 har trenden gått i retning av færre søkarar, med noko betring på slutten av året. Ikkje alle rekrutteringsprosessane enda med tilsetting. Vi har i 2024 hatt éin lærling som del av arbeidet med mangfald og inkludering i staten. I tillegg har vi tilsett éin trainee gjennom Framtidsfylket.

I året som gjekk, lyste vi ut ei stilling som masterstudent og tilbydde deltidsjobb og skriveplass. Dette gjorde vi to gonger, men fekk ikkje relevante søkarar.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er ein kompetansearbeidsplass i distriktet og rekrutterer frå eit stort område. I den grad det lèt seg gjere ut frå oppgåver og rammeverk, legg vi til rette for at tilsette skal kunne jobbe hos oss med moglegheit for heimekontor og andre oppmøtestader. Vi får på denne måten ein større marknad å rekruttere frå og har så langt gode erfaringar med det. Vi har fleire tilsette som nyttar seg av ordninga.

HMT og arbeidsmiljø

Lotteri- og stiftelsestilsynet har definert tre hovudmål for personalarbeidet. Vi skal

- arbeide strategisk, operasjonelt og analytisk innan personalområdet
- vere ein attraktiv arbeidsplass som legg til rette for personleg og fagleg utvikling
- arbeide aktivt for eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø prega av tillit, respekt og samhandling

Vi er ikkje lovpålagde å ha bedriftshelseteneste, men har likevel valt å ha dette. Bedriftshelsetenesta er ei fagleg støtte for oss i det førebyggjande HMT-arbeidet, slik arbeidsmiljølova krev. Bedriftshelsetenesta hjelper oss mellom anna med ergonomi, førstehjelpskurs og influensavaksinering. I tillegg deltar bedriftshelsetenesta som fast representant i AMU.

Kvart andre år gjennomfører vi medarbeidarundersøking i staten (MUST), som er utvikla av Statens arbeidsmiljøinstitutt til bruk for statlege verksemdar. Undersøkinga legg vekt på arbeidsmiljøfaktorar og er eit viktig bidrag til å utvikle arbeidsmiljøet i verksemda og løfte arbeidsmiljø inn i styringa.

4

Utviklingstrekk i arbeidsmiljø og arbeidsinnhald frå 2022 til 2024 viser at når det gjeld «beskyttande faktorar» som kan verke positivt inn på helse og produktivitet, har vi tilnærma lik høg skår for begge år. Samanlikna med andre statlege verksemdar har vår organisasjon for begge åra betre resultat på desse arbeidsmiljøfaktorane. Når vi ser på «risikofaktorar» som kan verke negativt inn på helse og produktivitet, gir dei om lag same resultat for både 2022 og 2024. Samtidig kjem vi som organisasjon betre ut på desse arbeidsmiljøfaktorane enn det andre statlege verksemdar rapporterer om for begge år.

Ein arbeidsmiljøfaktor som har utvikla seg særskilt positivt frå 2022 til 2024, og som kan verke inn på helse og produktivitet, er «tilhøyrsløse til organisasjonen».

Heile 87 % rapporterer i 2024 om «høg tilhøyrsløse til organisasjonen», mot 81 % i 2022. Samanliknar vi oss med andre statlege verksemdar, viser dei eit gjennomsnitt på 75 %.

Vernerundar blir gjennomførte kvart andre år, det året vi ikkje gjennomfører MUST. Vernerunde er eit praktisk og godt verktøy for å få eit bilde av organisasjonen. Det er ikkje eit lovkrav å gjennomføre vernerundar, men det er eit krav at vi må gjennomføre kartlegging og risikovurdering av arbeidsmiljøet, ha rutinar for å avdekke feil og manglar i arbeidsmiljøet og sørge for at desse blir forbetra. Som organisasjon gjennomfører vi nødvendige kartleggingar, risikovurderingar og oppfølgingar ut frå dei risikofaktorane dei tilsette er eksponerte for.

Med bakgrunn i kartleggingane jobbar vi vidare med tiltak i det førebyggjande arbeidsmiljøarbeidet.

Auke i sjukefråvær

Det overordna målet vårt er eit stabilt sjukefråvær på under 4 prosent.

I 2023 låg sjukefråværet på 6 prosent, fordelt på 1,4 prosent eigenmeldt sjukefråvær og 4,6 prosent legemeldt sjukefråvær.

For 2024 har sjukefråværet auka til 6,9 prosent, fordelt på 1,4 prosent eigenmeldt sjukefråvær og 5,5 prosent legemeldt sjukefråvær. Det er ikkje rapportert om arbeidsrelatert sjukefråvær. Bildet viser også at fråværet stort sett kjem av langvarige og kjende sjukemeldingar.

Som eit ledd i det førebyggjande HMT-arbeidet gjennomfører vi internundervisning for leiarar og tilsette om temaet sjukefråvær, og både leiarar og AMU fokuserer på sjukefråvær gjennom heile året. I tillegg har leiarane tett dialog med arbeidstakarane for å redusere risikoen for sjukefråvær. Denne dialogen handlar om god førebygging, oppfølging og tilrettelegging.

Informasjon og dialog

Arbeidsgivar og tillitsvalde har faste partssamarbeidsmøte om lag kvar tredje veke. Den årlege evalueringa om partssamarbeidet viser at partane er godt fornøgde. AMU har møte kvart kvartal og elles etter behov.

Dei ulike avdelingane og stabane har interne møte kvar veke med mellom anna informasjonsutveksling og dialog. I 2024 blei det gjennomført medarbeidersamtalar med tilsette i samsvar med rutinane våre. Alle tilsette får i tillegg fått tilbod om lønssamtale i forkant av dei lokale forhandlingane.

4

B. Arbeid for likestilling og ikkje-diskriminering – som myndighetsorgan

Ei viktig oppgåve for Stiftelsestilsynet er å formidle informasjon om kva krav og reglar som gjeld, og å halde styra i stiftelsane og andre oppdaterte på nye lovkrav. I 2024 har vi mellom anna informert om nye krav til kjønnsamansetting i styra. Mange stiftelsar er omfatta av regelverket. Nokre har for mange kvinner i styret, medan andre har for mange menn i høve til det som står i regelverket.

Noko av det særeigne med stiftelsar er at det er ei privat organisasjonsform utan eigarar. Men stiftelsar er regulerte av lov og sine egne vedtekter. I vedtektene kan ein stiftelse ha formål som ikkje treng å vere for eksempel kjønnsnøytrale. Stiftelsestilsynet vil kunne dele kunnskap om formåla gjennom Stiftelsesregisteret, men vi kan ikkje gå ut over lovkrava for å stimulere til for eksempel auka likestilling. Mange stiftelsar har likevel formål som opnar for både likestilling og stimulering til likebehandling.

Som forvaltar av tilskotsordningar til frivillig sektor jobbar vi kontinuerleg for å gjere søknadsprosessen så enkel som mogleg for flest mogleg. Vi forvaltar ordningar som treffer eit breitt spekter av organisasjonar, som igjen jobbar for å fremme mangfald og inkludering gjennom sine aktivitetar. Derfor er det viktig at alle søknadsskjema er enkle å bruke, at vi har god rettleiing på nettstaden, og at vi er tilgjengelege for brukarane. Vi fører òg statistikk over kor mange søkarar vi har i ulike kategoriar. Det gir oss moglegheit til å kartlegge om det er grupper som sjeldan søker om støtte. Vi jobbar i tillegg generelt med tilrettelegging og forenkling på områda våre. I 2024 har vi mellom anna

- deltatt i fleire tiltak om forenkling for frivillig sektor gjennom livshendinga «Starte og drive en frivillig organisasjon»
- jobba med å revidere og digitalisere rettleiaren for forenkling av statlege tilskotsordningar for frivillige organisasjonar
- starta arbeidet med å kartlegge dokumentasjonsbyrda til frivillig sektor i søknadsprosessar
- medverka i prosjektet «Deling Data Frivillig» om vidareutvikling og forenkling av Frivilligregisteret

På pengespelområdet har vi omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering med i regelverksarbeidet.

Også i saksbehandling er dette eit relevant tema. For søknader om godkjenning av ikkje-fortenestebaserte organisasjonar kan omsyn til ikkje-diskriminering gjere seg gjeldande.

Ein organisasjon som i vedtektene avgrensar tilgangen til medlemskap på bakgrunn av mellom anna kjønn, får avslått søknaden sin dersom avgrensinga ikkje er naturleg sett opp mot verksemda til organisasjonen. Ein Lions-klubb vil for eksempel ikkje kunne vedtektsfeste at berre menn eller berre kvinner kan være medlemmer. Tilsvarande vil ikkje ein organisasjon kunne få godkjenning dersom vedtektene seier at det berre er personar med god økonomi som kan bli medlemmer.

4

Språklov

I 2024 gjennomførte Språkrådet tilsyn med Lotteri- og stiftelsestilsynet, basert på det vi leverte i 2023. For første gang greidde vi alle krava i språklova.

Språklova § 13 seier at sentrale statsorgan over tid skal bruke mellom 25 og 75 prosent av kvart av skriftspråka i allment tilgjengelege dokument. I 2023 hadde vi 45 prosent nynorsk i ny tekst og 61 prosent nynorsk totalt på nettstaden vår, lottstift.no. Vi oppfyller dermed krava om veksling med god margin.

§ 14 seier at skjema skal ligge føre på bokmål og nynorsk samtidig (parallell bruk av bokmål og nynorsk). Det er dette kravet vi for første gong greidde å etterleve i 2023.

Resultata frå Språkrådets tilsyn i 2024 er ikkje klare.

Kompetansetiltak for journalføring og arkivering

E-læringskurset «Kurs i journalføring og arkivering» inngår no i den obligatoriske opplæringa for alle nytilsette, og i 2024 har vi lagt til rette for at alle tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet kan ta kurset for å styrke kompetansen på temaet.

Felles praktisering av regelverket sikrar vi gjennom arkivrutinar som blir følgde opp i den kvalitetssikringa arkivmedarbeidarane våre utfører dagleg. Offentleg journal blir kontrollert og publisert fjerde yrkedag etter journalføring, og offentlege dokument blir fulltekstpubliserte, slik at innbygarane når som helst kan laste ned dokumentasjonen frå elnnsyn.no.

Følgkort

Lotteri- og stiftelsestilsynet gir ikkje midlar til arrangement, men frie midlar til drift. Vi definerer ikkje tilskotsordningane våre som relevante for krav om gratis billett for følgeperson.

Tryggleik og beredskap

Ansvarsområda til Lotteri- og stiftelsestilsynet er ikkje definerte som kritiske samfunnsfunksjonar. Nedetid vil for brukarane i hovudsak medføre manglande utøving av forvaltning og tilsyn, og eventuelt utsett tidspunkt for utbetaling av tilskot. Langvarige fråvær av våre funksjonar kan få konsekvensar av økonomisk betydning for brukargrupper, for eksempel frivillige organisasjonar som får momskompensasjon og straumstøtte.

Vi har ein dokumentert plan for handtering av beredskaps- og kritesituasjonar. Dokumentasjon, rolleavklaring, opplæring og øving er tema som leiinga jamleg tar opp til vurdering. Leiinga reviderer årleg ei eiga risikovurdering for tryggleik og beredskap.

I 2024 har vi ikkje hatt hendingar av større betydning når det gjeld IKT-tryggleik.

4

Behandling av personopplysningar

Lotteri- og stiftelsestilsynet legg vekt på å følge personvernregelverket og har personvernombod i 10 prosent stilling. Personvernombodet held seg mellom anna oppdatert på regelverksutvikling, praksis og anna som rører seg på personvernfeltet, og gir råd til organisasjonen.

I 2024 er det gjennomført opplæringstiltak for dei tilsette. Vi har hatt fokus på sletting og avviksrapportering, og på generell bevisstgjerings. Som ledd i oppfølging av avvik og som generell bevisstgjerings og opplæring har personvernombodet publisert fleire innlegg for heile organisasjonen. Årsrapportering frå personvernombod til direktør om aktivitetar og avvik er utført. Rapporten blir også gjennomgått med leiargruppa. Rammeverket for personvern er etablert og blir etterlevd.

Det er registrert totalt sju avvik i 2024. Alle avvika er rapporterte til Datatilsynet. Dette er ein nedgang frå tidlegare år, men fleire av tilfella er brot som har skjedd tidlegare. Omfanget av avvik tyder på at dei tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet har blitt meir bevisste på å avdekke og rapportere avvik. Vi har sett i verk fleire enkeltstående tiltak i form av rutineendringar og dobbeltkontroll knytt opp mot dei enkelte avvika. I tillegg har vi innført tiltak på eit meir overordna nivå.

Vi viser også til omtale av Archive Inspector i avsnittet om IT og dokumenthandtering.

Forvaltning av spelemidlar

Spelemidlar til oppfølging av *Handlingsplan mot spilleproblemer*

Lotteri- og stiftelsestilsynet fekk i november 2024 overført 13 660 000 kroner til å dekke tiltak under handlingsplanen mot speleproblem. Tiltaka er omtala i kapittelet om aktivitetar og resultat på pengespelområdet.

Av dette beløpet har vi brukt 12 531 500 kroner. Det ubrukte beløpet på 400 000 kroner søker vi om å få overført til 2025. Inntekta er høgare enn summen av utgifter og ubrukte midlar, og inntektsposten er høgare enn utgiftsposten i statsbudsjettet. Det er fordi dekking av meirverdiavgift inngår i innbetalt beløp. Kostnader knytte til forvaltningsoppgåvene våre er dekte over driftsbudsjettet, kapittel 339 post 01.

Spelemidlar til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar, jf. forskrift om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar fra spilloverskuddet til Norsk Tipping

Denne ordninga ligg utanfor statsbudsjettet og inngår ikkje i løyving- og arts-kontorrapporten, jf. del 6 i årsrapporten.

I 2024 har vi fått overført og har utbetalt 1 058 214 209 kroner. Forvaltninga av ordninga er omtala i kapittelet om aktivitetar og resultat på frivillighetsområdet. Kostnader knytte til forvaltningsoppgåvene våre er dekte over driftsbudsjettet, kapittel 339 post 01.

Spelemidlar til drift og utvikling av Anleggsregisteret

Lotteri- og stiftelsestilsynet har systemansvaret for Anleggsregisteret. Dette omfattar ansvar for drift, vedlikehald, vidareutvikling, systemarkitektur og brukarstøtte. Systemansvaret har vi hatt sidan 2017, og det formelle ansvaret for ordninga ligg hos Kultur- og likestillingsdepartementet.

Systemet blir nytta til saksbehandling av den delen av overskotet til Norsk Tipping som går til idrettsanlegg, kulturbygg, hytter og løyper i fjellet.

4

I 2024 blei det fordelt 2,2 milliardar kroner gjennom systemet.

I januar 2024 blei den største endringa sidan 2017 sett i produksjon. Det blei lansert ny søknadsportal, ny rapporteringsportal og ny saksbehandlingsløyising for ferdi-grapportering og sluttutbetaling. Denne har vore i drift gjennom heile 2024, og tilbakemeldingane frå både fylka og kommunane har vore svært positive.

Frå starten av 2024 blir det – i gjennomsnitt kvar tredje veke – lagt ut oppgraderingar av systemet med endringar, rettingar og utvidingar.

Av statlege felleskomponentar har vi nytta Einingsregisteret, MinID, Folkeregisteret, Reservasjons- og kontaktregisteret, Kartverket, Statistisk sentralbyrå og Altinn postboks (via SvarUt).

I dag består Anleggsregisteret av fire separate delar:

- søknadsportal som blir brukt av frivillige lag og organisasjonar, kommunar og andre som søker om midlar frå ordninga
- fagsystem som blir brukt av kommunar, revisorar, fylke, Kultur- og likestillingsdepartementet og Lotteri- og stiftelsestilsynet sine saksbehandlarar på momskompensasjon
- rapporteringsportal der ein registrerer ferdige anlegg med rekneskap m.m. for revisjon og sluttutbetaling
- publikumsportal som ligg open for alle, og der ein mellom anna kan finne data om anlegga, kva støtte dei har fått, og kvar dei ligg

Lotteri- og stiftelsestilsynet fekk i juli 2024 overført 4 100 000 kroner til drift og utvikling av anleggsregisteret. Kostnader knytte til utvikling, driftstenester, lønn og overhead, utgjorde 3 655 000 kroner i 2024. Inntekta er høgare enn summen av utgifter, og inntektsposten er høgare enn utgiftsposten i statsbudsjettet. Det er fordi dekking av meirverdiavgift inngår i innbetalt beløp.

IT og dokumenthandtering

Avdelinga for IT og dokumenthandtering har ansvar for tenester og prosessar som hjelper organisasjonen med å utføre samfunnsoppdraget. Dette omfattar drift og brukarstøtte for IT-system og dessutan administrasjon av arkiv- og saksbehandlingssystem, inkludert innsynsmodular for offentlegheita.

Avdelinga utviklar og held ved like også nasjonale system som Stiftelsesregisteret, Pengespelregisteret og Anleggsregisteret.

I tillegg har avdelinga ansvar for drift og utvikling av ulike interne system for saksbehandling og søknader. Dei fleste systema er integrerte med nasjonale fellesløyisingar og interne databasar. Mange av systema gjer informasjon tilgjengeleg gjennom opne grensesnitt.

Målet er å medverke til at offentlig sektor kan bli meir effektiv gjennom digitalisering. IT-strategien vår støttar dette arbeidet, og strategien er basert på den nasjonale digitaliseringsstrategien og digitaliseringsrundskrivet.

4

Arkiv

Kompetansetiltak for journalføring og arkivering er omtala under eige punkt.

Public 360 Online

Public 360 Online-prosjektet blei ferdigstilt tidleg i første kvartal av 2024. I løpet av året har vi implementert integrasjonar med fleire interne og eksterne tenester. Public 360 Online er ei moderne skyløysing. Det gir oss høve til å ta i bruk nye produkt etter kvart som dei blir tilgjengelege, og når vi ser nytten av dei. I 2024 tok vi i bruk to av desse produkta: Archive Inspector og eArchive.

Public 360 Archive Inspector

I andre halvår av 2024 blei Archive Inspector introdusert og sett i produksjon som ein del av Public 360 Online. Dette verktøyet identifiserer moglege personvernbrot i dokument før fulltekstpublisering, ved hjelp av maskinlæring og avanserte algoritmar. Innføringa markerer dei første stega våre mot å bruke kunstig intelligens i saks-/arkivsystemet.

Public 360 eArchive

I andre halvår av 2024 starta vi arbeidet med Public 360 eArchive for å gjere avslutta arkiv tilgjengeleg for alle tilsette. Løysinga gir betre tilgangsstyring og effektiviserer behandling av innsynskrav i eldre saker. I denne omgangen omfattar prosjektet ein del av avslutta arkiv, og prosjektet skal ferdigstillast i første kvartal av 2025. Det blir vidare arbeid med å samle meir av avslutta arkiv og saksbehandlings-system i løysinga.

I 2024 har vi arbeidd med å samle ulike delar av arkivet på ei felles plattform. Dette gir både betre oversikt og kontroll, og det legg grunnlaget for auka effektivitet og forbetringar gjennom ei heilskapleg og moderne plattform.

Statistikk over journalførte dokument, nye saker og innsynskrav:

	2021	2022	2023	2024
Journalførte dokument	70 367	71 849	78 213	82 599
Nye saker	19 301	20 160	23 137	24 089
Innsynskrav	3 257	4 035	3 353	3 451

Talet på nye saker og journalførte dokument har auka frå 2023. Hovudvekta av auken er knytt til godkjenningssprosessen avdelinga for pengespel har gjennomført som følge av ny pengespellov. Samtidig har avdelinga for frivilligheitsstøtte hatt ein nedgang i tal saker og dokument, som følge av at tilskotsordninga for mangfald og inkludering hadde siste søknadsår i 2023 (1 363 søknader i 2023), og ein nedgang i saker knytte til straumstøtte (14 185 i 2023, 12 753 i 2024). Dette medverkar til at den totale auken ikkje er så stor som godkjenningssprosessen med 3 854 behandla søknader i 2024 skulle tilseie. Stiftelsestilsynet har hatt ein auke i tal saker, men ein nedgang i tal dokument.

IT-drift

Tryggleiksgjennomgang av Microsoft 365

I 2024 har vi gjennomført eit prosjekt med CloudWay for å styrke IT-tryggleiken i Microsoft 365-miljøet vårt. CloudWay har analysert og evaluert miljøet og gitt anbefalingar for å sikre at det er i tråd med gjeldande beste praksis. Hovuddelen av endringane blei implementerte i andre kvartal, medan enkelte tiltak, for eksempel utskifting av klientar, krev lengre tid og vil bli ferdigstilte i 2025.

4

CloudWay har òg gjennomført ein trygggleiksanalyse av vårt lokale Microsoft-miljø, inkludert Active Directory, Exchange og lokale serverar. Der det har vore nødvendig, har desse systema blitt oppdaterte til beste praksis.

Samarbeidet med CloudWay held fram i 2025, og vi har planlagt ein ny gjennomgang av miljøet vårt i første kvartal. Målet er å sikre at Microsoft 365 til kvar tid er oppdatert i tråd med nyaste og beste praksis.

Sikring av klientmaskiner

Vi har auka trygggleiken ved å ta i bruk Microsoft Entra. Dette forenkler oppsett av maskiner og utrulling av programvare, i tillegg til at vi aukar trygggleiken og kontrollen på alle klientmaskiner.

Nettverksprosjekt med Iteam

Ny nettverksløyising er implementert saman med leverandøren Iteam. Vi har skifta heile løysinga med brannvegg, alle svitsjar, trådlause aksesspunkt og VPN-boksar for heimekontor.

Løysinga er mindre kompleks og aukar trygggleiken i nettverket ved at vi får mykje betre innsikt i og kontroll på trafikken til alle einingane i nettverket.

Vedlikehald og oppgradering

I 2024 har vi utført vedlikehald og utbetring av kjølesystemet for datasenteret, oppdatering og resertifisering av brannsløkkingsanlegg for datarom og arkiv og årleg ettersyn av nødstraumsystem for datasenteret.

Utfasing av gamle serverar og system

Vi har fasa ut gamle og utdaterte system. Nokre er flytta til skya, andre er slått av eller erstatta. Serverar med gammalt operativsystem er blitt oppdaterte, slått av eller erstatta av nye. Dette er også med på å minimere sårbarheita i datasenteret vårt og gir auka trygggleik i systema.

IT-utviklingsarbeid

Godkjenningsprosjektet

I 2024 har vi klargjort for å sette i drift søknadsskjemaet for førehandsgodkjenning av ikkje-fortenestebaserte organisasjonar. Prosjektet starta i september 2023 med mål om å lage eit system i Salesforce for mottak, behandling og fakturering av søknader om førehandsgodkjenning som lotteriverdig organisasjon. I løpet av 2024 fekk vi inn 3 743 søknader, og 3 731 av dei blei ferdigbehandla i dette systemet.

Prosjektet for flytting av saksflyt hos Stiftelsestilsynet

Saksflyten som Stiftelsestilsynet nyttar til søknader om oppheving, vedtektsendring og nyregistrering av stiftelsar, har blitt flytta frå P360 til Salesforce. Her har det også blitt gjort ei omfattande vidareutvikling, og dette arbeidet vil halde fram og bli avslutta i 2025.

Ny publikumsdel for Pengespelregisteret og Stiftelsesregisteret

I september starta jobben med å utvikle ny publikumsdel for både Pengespelregisteret og Stiftelsesregisteret. Målet med prosjektet er å bygge og lansere registera i ny drakt. Prosjektet har gjennomført intern og ekstern kartlegging, designa nye register, utvikla og testa. Ved årsskiftet var det nye Stiftelsesregisteret tilnærma klart.

Lansering av nytt pengespelregister skjer i første kvartal av 2025. Stiftelsesregisteret har fått meir brukarvennlege løysingar som kan føre til auka bruk, noko som igjen kan avlaste saksbehandlarane. Ved å bygge løysingane i Salesforce legg vi til rette for vidareutvikling seinare, og vi kan på sikt automatisere fleire eksterne oppdateringar. Det vil også gi dei andre fagområda fordelar.

Vurdering av framtidsutsikter

Frivillighet, stiftelsar og pengespel er og kjem til å vere viktige område i det norske samfunnet i åra som kjem. Vi må derfor kontinuerleg forbetre tilsyn, rettleiing og forvaltning for å bidra til ei sunn utvikling på desse områda.

Direktoratsoppgåver

Dei siste 15 åra har det skjedd mykje i frivilligheitspolitikken. Vi i Lotteri- og stiftelsestilsynet utfører i stadig større grad direktoratsoppgåver for departementet på eit felt som berre blir viktigare og viktigare. Perspektivmeldinga viser at presset på offentleg og privat sektor vil bli større i framtida. Som eit resultat av dette vil frivillig sektor bli viktig i det norske samfunnet. Dette gir eit kontinuerleg behov for forenkling av frivillighet.

Vi må derfor utvikle ei stadig betre, meir effektiv og transparent tilskotsforvaltning som gir legitimitet og effekt av ordningane.

Som eit ledd i dette overtar vi i 2025 tilskudd.no, og vi ser fram til å utvikle nettstaden vidare i tett dialog med frivilligheita og statlege forvaltarar.

For å utvikle frivillig sektor vil deling av data vere sentralt. Vi må derfor halde fram med å utvikle gode tekniske løysingar som gjer det lett å dele data.

Behov for ny lov

Også stiftelsane vil spele ei stadig viktigare rolle i ei framtid som vi veit vil medføre auka press på privat og offentleg sektor.

Allereie i dag ser vi korleis dei støttar opp om kultur og frivillighet, og kva rolle dei spelar i forskning og utvikling av ulike typar tenester. Her supplerer dei tilbodet frå det offentlege og reint kommersielle aktørar.

Vi må sørge for eit effektivt og føreseieleg tilsyn med trygge rammevilkår. På den måten kan vi legge til rette for ei sunn og god utvikling av norske stiftelsar. Det er derfor behov for å fornye det gjeldande lovverket frå 2001, noko vi vil ta til orde for.

I året som kjem, vil vi lansere den nye versjonen av Stiftelsesregisteret. Det vil bidra til auka transparens, auka bruk av effektive digitale tilsyn og auka kunnskap om stiftelsar i samfunnet.

Krevjande gråsoner

På pengespelfeltet ser vi ein stadig meir internasjonal marknad som gir nye utfordringar for eit nasjonalt tilsyn.

5

Ei slik utfordring er gråsona mellom pengespel og dataspel, der barn og unge spelar vekk store summer på «skins», som seinare kan omsettast i kryptovaluta eller vanleg valuta. Dette utfordrar gråsonene i den norske pengespellovgevinga, men konsekvensane for ei sårbar gruppe som barn og unge gjer at vi må ta tak i problemet. Vi har etablert eit samarbeid med andre etatar, noko vi vil sørge for å utvikle vidare.

Ein annan trend er at influensarar driv marknadsføring gjennom strøyming.

Felles for desse trendane er at nasjonal lovgiving ikkje alltid strekker til på ein stor og uregulert internasjonal marknad. Det er dessutan krevjande å få oversikt over omfanget og konsekvensane av denne marknaden, sidan aktiviteten skjer i digitale miljø på kryss og tvers av landegrensene. Dette utfordrar også fleire ulike myndighetsorgan.

I sum fører dette til behov for kontinuerleg oppdatert digital kunnskap om kva som skjer innan både dataspel og pengespel. Det medfører igjen behov for målretta rekruttering, samarbeid mellom fagpersonar frå ulike miljø, internasjonalt samarbeid og godt samarbeid mellom ulike departement og statsorgan. Dette krev ei strategisk og langsiktig tilnærming til problemet.

Som tilsyn må vi ha ei tydeleg og rettferdig rolle overfor einrettstilbydarane. Dette ser vi blir ekstra viktig i ein marknad der vi bruker tøffare verkemiddel for å hente spelarar frå den ulovlege til den lovlege marknaden. Då må også kontrollen med einrettstilbydarane vere god, slik at vi hindrar speleproblem og sikrar utviklinga og legitimiteten til den norske pengespelmodellen.

Stor oppgåveportefølje krev effektive løysingar

Oppgåveporteføljen til Lotteri- og stiftelsestilsynet er omfattande, og vi har store brukargrupper. Vi utfører oppdraga våre innanfor ei moderat ressursramme med tanke på budsjett og årsverk.

Dersom vi skal kunne utføre oppgåvene våre på ein tilfredsstillande måte, er det avgjerande at vi held fram med både å rekruttere godt og å halde på fagkompetanse på alle område.

Brukargruppene og aktørane vi har forvaltning og tilsyn med, er heile tida i endring, og våre tilsette må utvikle kompetansen sin.

Oppdragsporteføljen krev at vi er effektivt organisert, og at ressursar og tenestekjøp alltid står i forhold til behova på dei ulike fagområda.

Ein suksessfaktor er at vi til kvar tid vidareutviklar systemløysingane våre i takt med behov og forventningar hos brukargruppene. Svært mykje ressursar går til å utvikle og vedlikehalde effektive og brukarvennlege system for register, søknader og saksbehandling, og slik vil det vere også i tida framover. Dessutan må vi handtere IKT-tryggleik og ny teknologi for kunstig intelligens på ein måte som er berekraftig for verksemda.

Framover kan det bli krevjande for ei mellomstor statleg verksemd å heile tida greie å sette inn nok ressursar på IT-området, slik utviklinga krev.

For å sikre måloppnåing og brukartilfredsheit gjennom effektive og tilgjengelege løysingar må vi finne kostnadseffektive tilnærmingar til utvikling og vedlikehald.

Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen

Formål

Lotteri- og stiftelsestilsynet er underlagt Kultur- og likestillingsdepartementet, og er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som også i 2024 har ført rekneskapen etter kontantprinsippet. Tilsynet er staten sitt fagorgan på områda lotteri og pengespel, stiftelsar, momskompensasjon til frivillige organisasjonar, tilskot til frivilligsentralar og tilsyn med Grasrotandelen. Dei primære målgruppene er frivillige organisasjonar og stiftelsar.

Del 2 i årsrapporten inneheld ein introduksjon til tilsynet og hovudtal for verksemda.

Stadfesting

Årsrekneskapen er levert i tråd med føresegnene om økonomistyring i staten med tilhøyrande rundskriv frå Finansdepartementet, og krav frå Kultur- og likestillingsdepartementet i instruks om økonomistyring.

Årsrekneskapen gir eit dekkande bilde av tilsynet sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter og inntekter.

Vurdering av vesentlege forhold

Rekneskapen viser at utgiftene i 2024 utgjorde til saman 3 489 939 000 kroner. Ordningane for momskompensasjon utgjorde 3 037 172 000 kroner, og vi har utbetalt 256 700 000 kroner i tilskot til frivilligsentralar og 61 981 000 kroner i straumstøtte til frivillige organisasjonar. To av tilskotsordningane hadde mindreforbruk. Det gjeld momskompensasjon til frivillige organisasjonar (41,7 millionar i mindreforbruk) og straumstøtteordning for frivillige organisasjonar (35,4 millionar i mindreforbruk). Årsaka til mindreforbruket er at talgrunnlaget for årets søknader ikkje var ferdig då budsjettproposisjonen for nysalderinga blei utarbeidd. Utviklinga for dei ulike tilskotsordningane er omtala i eige kapittel og i note 7 til rekneskapen.

Lotteri- og stiftelsestilsynet hadde driftsutgifter på 130 671 000 kroner i 2024, mot 122 817 000 kroner året før, altså ein auke på 6,4 prosent. Lønnsutgiftene utgjorde 79 697 000 kroner (note 2), mot 75 859 000 kroner året før, altså ein auke på 5 prosent. Lønnsdelen av driftsutgiftene var på 60 prosent, og vi er med det om lag på gjennomsnittet for statleg sektor. Men utgifter knytte til *Handlingsplan mot spilleproblemer* inngår i berekningsgrunnlaget. Når vi trekker ut handlingsplanen, blir lønnsdelen er høgare (66 prosent). Kjøp av varer og tenester auka med 4 millionar kroner. I hovudsak omfattar dette IT-relaterte kostnader som utstyr, utviklings-tenester og lisensar.

Til forvaltning av tilskotsordningar har vi i 2024 disponert midlar under følgande kapittel/post: 315/60, 315/70, 315/71 og 315/82. Samla fullmakt gitt i tildelingsbrevet var på 14 millionar kroner, og denne er disponert fullt ut med 13 999 923 kroner. Vi hadde meirinntekter på til saman 7 715 000 kroner på postar med budsjettfullmakter. Meirinntektene gjeld i hovudsak områda lotterigebyr og årsavgift for stiftelsar. Ny godkjenning av lotteriverdige formål var ein ekstrajobb som gav meirinntekter i 2024.

6

Netto mindreforbruk og overførbart beløp på 01 Driftsutgifter er 3 412 000 kroner. Når vi ser bort fra lønnskompensasjon på 1 815 000 kroner som skal vere med over til 2025 på grunn av forskyvd tidspunkt for lønnsforhandling, utgjer netto mindreforbruk på post 01 totalt 1 597 000 kroner. Det er også overførbare beløp på fleire av tilskotspostane i 2024 (note B).


Mindreforbruket (1 596 910 kroner) kjem av innsparing på lønn som følge av større refusjonar (foreldrepermisjon og sjukemeldingar) enn budsjettert, og noko innsparing på mellom anna kurs og reiser. På reiser var forbruket på 2 055 000 kroner, mot 2 160 000 kroner året før.

Kapittel 3339 post 07 Inntekter ved oppdrag hadde innbetalingar frå Kultur- og likestillingsdepartementet på 4 100 000 kroner knytt til Anleggsregisteret og 13 660 000 kroner knytt til Handlingsplanen mot speleproblem. Posten hadde meirinntekter på 9 890 000 kroner som vart nytta til å dekke tilsvarende meir-utgifter under kapittel 339 post 21 Spesielle driftsutgifter.

Tal utførte årsverk var 81, som er 6 meir enn året før. Auken fordelte seg på stabs- einingar og fagavdelingar. Sjå omtale under Nøkkeltal i del 1.


På overtid brukte vi 924 000 kroner. Det er 148 000 kroner meir enn året før.

Figuren nedanfor viser utviklinga i driftsutgifter dei seinare åra. Dataserien omfattar både post 01 Driftsutgifter og post 21 Spesielle driftsutgifter.



6

Lotteri- og stiftelsestilsynet er finansiert gjennom avgifter, gebyr og refusjonar. Dei største inntektskomponentane er refusjonen frå Norsk Tipping og årsavgift frå stiftelsar (note 6).



Vi hadde i 2024 inntekter på 13 268 402 kroner frå gebyr på pengespelområdet. Av desse var 6,5 millionar kroner knytte til ny godkjenning av lotteriverdige organisasjonar.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er revisor og skal stadfeste årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet. Årsrekneskapen er per dags dato ikkje ferdig revidert, men revisjonsmeldinga er venta å vere klar i andre kvartal av 2025.

Førde, 15. mars 2025

Atle Hamar
direktør

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet er utarbeidd og levert etter nærare retningslinjer i føresegnen om økonomistyring i staten («føresegnene»).

Årsrekneskapen er i samsvar med punkt 3.4.1 i føresegnene, nærare føresegnen i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 av 09.12.2024 og eventuelle tilleggskrav fastsette av eige departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporten omfattar ein øvre del med løyvingsrapport og ein nedre del som viser beholdningar som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporten har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomvære med statskassa.

Oppstillinga av løyvings- og artskontorrapporten er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen.

Rekneskapen følger kalenderåret:

- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapporten er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa er i tråd med krava i punkt 3.5 i føresegnene til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krava i punkt 3.7.1 i føresegnene. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året. Ved overgang til nytt år blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen.

Løyvingsrapporten

Løyvingsrapporten viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen. Informasjonen blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen som tilsynet har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser finansielle eigedelar og forpliktingar tilsynet står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonnen for samla løyving viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/post.

Artskontorrapporten

Artskontorrapporten viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett for disponible løyvingar på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og blir derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Note 8 til artskontorrapporten viser skilnader mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa.

Løyvingsrapport for 2024

Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2024	Meir- og mindreutgift
0339	Pengespill, lotterier og stiftelser	01	Driftsutgifter	A, B	105 002 000	109 305 154	-4 303 154
0339	Pengespill, lotterier og stiftelser	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	6 697 000	16 186 554	-9 489 554
0315	Frivillighetsformål	60	Tilskudd til frivillig- sentraller	A, B	256 700 000	256 699 767	233
0315	Frivillighetsformål	70	Merverdiavgiftskompen- sasjon til frivillige organisasjoner	A, B	2 770 000 000	2 728 259 555	41 740 445
0315	Frivillighetsformål	71	Strømstøtteordning til frivillige organisasjoner	A, B	97 372 000	61 981 022	35 390 978
0315	Frivillighetsformål	82	Merverdiavgiftskompen- sasjon ved bygging av idrettsanlegg	A	308 913 000	308 912 309	691
0325	Allmenne kulturformål	21	Forskning, utredning og spesielle driftsutgifter	A, B	500 000	0	500 000
1633	Nettoordning for mva. i staten	01	Driftsutgifter		0	8 594 808	
Sum utgiftsført					3 545 184 000	3 489 939 169	

Innteks- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla løyving	Rekneskap 2024	Meir- og mindreutgift
3339	Inntekter fra spill, lotterier og stiftelser	02	Gebyr – lotterier	B	8 695 000	13 268 402	4 573 402
3339	Inntekter fra spill, lotterier og stiftelser	04	Gebyr – stiftelser	B	220 000	844 550	624 550
3339	Inntekter fra spill, lotterier og stiftelser	07	Inntekter ved oppdrag	B	7 870 000	17 760 000	9 890 000
5568	Sektoravgifter under Kultur- og likestil- lingsdepartementet	71	Årsavgift – stifelser	B	27 850 000	30 367 112	2 517 112
5568	Sektoravgifter under Kultur- og likestil- lingsdepartementet	73	Refusjon – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto		47 100 000	47 100 000	0
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	4 374 651	
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift		0	9 878 641	
Sum inntektsført					91 735 000	123 593 356	

Netto rapportert til løyvingsrekneskapen	3 366 345 813
--	---------------

Kapitalkontoar		
60075901	Noregs Bank KK / innbetalingar	119 977 144
60075902	Noregs Bank KK / utbetalingar	-3 490 379 774
703803	Endring i mellomvære med statskassa	4 056 817
Sum rapportert		0

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)

	31.12.2024	31.12.2023	Endring
703803 Mellomvære med statskassa	-3 005 846	7 062 663	4 056 817

Note A: Forklaring av samla løyving

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla løyving
33901	1 619 000	103 383 000	105 002 000
33921	2 000	6 695 000	6 697 000
31560		256 700 000	256 700 000
31570		2 770 000 000	2 770 000 000
31571	31 756 000	65 616 000	97 372 000
31582		308 913 000	308 913 000
32521	500 000	0	500 000

Note B: Forklaring av brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindre-utgift	Meirutgift (-) / mindre-utgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) etter meirinntektsfullmakt (justert for eventuell mva.)	Sum grunnlag for overføring	Kompensasjon for lønnsoppgjeret 2024	Maks. overførbart beløp ¹	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
33901		-4 303 154	-4 303 154	7 715 064	3 411 910	1 815 000	6 893 400	3 412 000
33921	«kan overførast»	-9 489 554	-9 489 554	9 890 000	400 446		13 111 000	400 000
31570	«kan overførast»	41 740 445	41 740 445	0	41 740 445		5 268 252 000	41 740 000
31571	«kan overførast»	35 390 978	35 390 978	0	35 390 978		182 610 000	35 391 000
32521	«kan overførast»	500 000	500 000	0	500 000		500 000	500 000

1 Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 % av årets løyving på driftspostane 01–29, unntatt post 24 eller sum av dei siste to års løyvingar for postar med stikkordet «kan overførast». I sum grunnlag for overføring kapittel/post 33901 ligg også lønskompensasjon kr. 1 815 000,-.

For løyvingar på postar med stikkordet «kan overførast», er maksimalt beløp summen av løyvingane for 2023 og 2024, jf. rundskriv R-2/2025. Rundskriv R-2/2025 inneheld meir informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Romartalsvedtak

Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33901, jf. Prop. 1 S (2023–2024). Løyvinga under kapittel/post 33901 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kapittel/post 333902, 333904 og 556871. Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33921, jf. Prop. 1 S (2023–2024). Løyvinga under kapittel/post 33921 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kapittel/post 333907. Ubrukte meirinntekter kan reknast med ved utrekning av overførbare beløp.

Overførbart beløp

Lotteri- og stiftelsestilsynet si ubrukte løyving på kapittel/post 33901 er på til saman 3 412 000 kroner, og dette blir rekna som mogleg overføring til neste budsjettår ut frå 5 %- regelen. Beløpet som står på kapittel/post 33921, kan overførast i sin heilskap, då stikkordet «kan overførast» er knytt til kapittel/post. Kapittel/post 31570, 31571 og 32521 har eit mindreforbruk som går fram av tabellen, og desse postane har også stikkordet «kan overførast».

Artskontorrapport for 2024

	Note	2024	2023
Driftsinntekter rapporterte til løyvingerekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	13 434 252	9 706 544
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	4 100 000	4 950 000
Sals- og leigeinnbetalningar	1	678 700	0
Andre innbetalningar	1	13 662 589	13 355 000
Sum innbetalningar frå drift		31 875 541	28 011 544
Driftsutgifter rapporterte til løyvingerekneskapen			
Utbetalningar til lønn	2	79 697 493	75 858 739
Andre utbetalningar til drift	3	50 973 730	46 958 453
Sum utbetalningar til drift		130 671 223	122 817 192
Netto rapporterte driftsutgifter		98 795 682	94 805 648
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingerekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	321
Sum investerings- og finansinntekter		0	321
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingerekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	4 720 393	1 919 452
Utbetaling av finansutgifter	4	2 604	6 702
Sum investerings- og finansutgifter		4 722 997	1 926 154
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		4 722 997	1 925 833
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	81 688 722	85 310 603
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		81 688 722	85 310 603
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader	7	3 345 952 730	3 279 505 771
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		3 345 952 730	3 279 505 771
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring, konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		153 041	136 002
Arbeidsgivaravgift, konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		9 878 641	9 531 987
Nettoføringsordning for meirverdiavgift, konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		8 594 808	7 151 122
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-1 436 874	-2 516 867
Netto rapportert til løyvingerekneskapen		3 366 345 813	3 288 409 782
Oversikt over mellomvære med statskassa			
Eigedelar og gjeld		2024	2023
Skuldig skattetrekk og andre trekk		-2 710 011	-3 138 382
Skuldig meirverdiavgift		-280 991	-582 462
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse		0	-3 340 979
Lønn (negativ netto, for mykje utbetalt lønn, m.m.)		3 699	0
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalningar		-18 543	-840
Sum mellomvære med statskassa	8	-3 005 846	-7 062 663

Note 1: Inntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen

	2024	2023
Innbetalinger fra gebyr, avgifter og refusjonar		
Gebyr frå lotteri	13 268 402	9 446 454
Registreringsgebyr frå stiftelsar	165 850	260 090
Sum innbetalinger frå gebyr	13 434 252	9 706 544
Innbetalinger frå tilskot og overføringar		
Tilskot frå andre statlege verksemdar	4 100 000	4 950 000
Sum innbetalinger frå tilskot og overføringar	4 100 000	4 950 000
Sals- og leigeinnbetalinger	678 700	0
Inntekter annan verksemd eksternt, avgiftsfri	678 700	0
Andre innbetalinger		
Sal av IT-utstyr	2 589	0
Oppdrag med tilskotsordning for mangfald og inkludering	0	3 000 000
Handlingsplan mot speleproblem	13 660 000	10 355 000
Sum andre innbetalinger	13 662 589	13 355 000
Sum innbetalinger frå drift	31 875 541	28 011 544

Note 2: Utbetalinger til løn

	2024	2023
Lønn	66 944 366	61 579 881
Arbeidsgivaravgift	9 878 641	9 531 987
Pensjonsutgifter	5 238 986	6 712 178
Sjukepengar og andre refusjonar (–)	-4 450 299	-3 482 732
Andre ytingar	2 085 799	1 517 425
Sum utbetalinger til lønn	79 697 493	75 858 739

	2024	2023
Tal årsverk	81	75

Note 3: Andre driftsutgifter

	2024	2023
Husleige	7 623 761	7 487 846
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	3 498	14 295
Andre utgifter til drift av eighet og lokale	1 246 577	1 398 213
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr m.m.	418 648	700 820
Mindre innkjøp av utstyr	303 629	58 123
Leige av datautstyr og system (årlege lisensar m.m.)	6 933 967	6 504 825
Kjøp av konsulenttenester	14 502 958	11 559 677
Kjøp av framande tenester	12 356 092	12 669 913
Reiser og diett	2 054 573	2 160 367
Andre driftsutgifter	5 530 026	4 404 375
Sum andre utbetalinger til drift	50 973 730	46 958 453

Note 4: Finansutgifter

	2024	2023
Innbetaling av finansinntekter		
Valutagevinst	0	321
Sum innbetaling av finansinntekter	0	321

	2024	2023
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	2 604	6 702
Sum utbetaling av finansutgifter	2 604	6 702

Note 5: Investeringar og kjøp av aksjar

	2024	2023
Utbetaling til investeringar		
Inventar, datamaskiner (serverar m.m.)	4 720 393	1 919 452
Sum utbetaling til investeringar	4 720 393	1 919 452

Note 6: Innkrevjingsverksemd og andre overføringer

	2024	2023
Refusjon frå Norsk Tipping	44 530 246	44 289 168
Refusjon frå Norsk Rikstoto	2 569 754	2 555 832
Avgifter på stiftelsesområdet	30 367 112	30 174 897
Tilfeldige og andre inntekter	4 221 610	8 290 706

	2024	2023
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	81 688 722	85 310 603

Tilfeldige og andre inntekter gjeld i hovudsak tilbakebetalt kompensasjon som mottakar ikkje har hatt krav på.

Note 7: Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten

	2024	2023
Tilskot til frivilligsentralar	255 699 878	242 195 832
Straumstøtte til frivillige organisasjonar	58 981 018	220 013 308
Momskompensasjon til frivillige organisasjonar	2 720 259 512	2 451 577 743
Momskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg	306 912 322	361 561 482
Kompensasjonsordningar for arrangørar innan kultur, frivilligheit og idrett	0	177 406
Tilskot til «Handlingsplan mot spilleproblemer»	4 100 000	3 980 000
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten	3 345 952 730	3 279 505 771

Note 8: Samanheng mellom avrekning og mellomvære med statskassa

	31.12.2024 Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassa	31.12.2024 Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomvære med statskassa	Skilnad
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	360 156	0	360 156
Fordringar som gjeld innkrevjings- verksemd og andre overføringer	343 950	0	343 950
Sum	704 106	0	704 106
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-286 140	0	-286 140
Skuldig skattetrekk	-2 710 011	-2 710 011	0
Skuldig meirverdiavgift	-281 532	-280 991	-541
Anna kortsiktig gjeld	-824 097	-14 844	-809 253
Sum	-4 101 780	-3 005 846	-1 095 935
Sum	-3 397 674	-3 005 846	-391 829



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B – Postboks 800, 6805 Førde
Tlf.: 57 82 80 00
postmottak@lottstift.no
lottstift.no



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B – Postboks 800, 6805 Førde
Tlf.: 57 82 80 00
postmottak@lottstift.no
lottstift.no



Riksrevisjonen

LOTTERI- OG STIFTELSESTILSYNET

Org. Nr.: 982391490

Riksrevisjonens beretning

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert årsregnskapsoppstillingene for Lotteri- og stiftelsestilsynet for regnskapsåret 1. januar - 31. desember 2024. Årsregnskapsoppstillingene består av oppstilling av bevilgnings- og artskontorapportering og noter, herunder sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Oppstilling av bevilgnings- og artskontorapporteringen viser at 3 366 345 813 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening

- oppfyller årsregnskapsoppstillingene gjeldende krav, og
- gir årsregnskapsoppstillingene et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter for 2024 og kapitalposter per 31. desember 2024, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen*, *instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til lov, instruks og disse standardene er beskrevet nedenfor under Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjonen. Vi er uavhengige av virksomheten i samsvar med kravene i lov og instruks om Riksrevisjonen og ISSAI 130 Code of Ethics utstedt av International Organisation of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon i årsrapporten. Øvrig informasjon består av ledelseskommentarene (i del VI) og annen øvrig informasjon (del I–V) i årsrapporten. Riksrevisjonens konklusjon ovenfor om årsregnskapsoppstillingene dekker ikke informasjonen i øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapsoppstillingene er det vår oppgave å lese øvrig informasjon i årsrapporten. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapsoppstillingene og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapsoppstillingene, eller hvorvidt den øvrige informasjonen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom den øvrige informasjonen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at den øvrige informasjonen i årsrapporten:

- er konsistent med årsregnskapsoppstillingene og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende regelverk

Ledelsens og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig intern kontroll.

Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapsoppstillingene

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapsoppstillingene som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapsoppstillingene.

Som del av en revisjon i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapsoppstillingene, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av virksomhetens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige, og om tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapsoppstillingene får indikasjoner på vesentlige brudd på bevilgningsreglementet, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på bevilgningsreglementet.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapsoppstillingene, og hvorvidt årsregnskapsoppstillingene gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

Vi kommuniserer med ledelsen blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen. Vi informerer det overordnede departementet om funn og svakheter.

Oslo, 23. mai 2025

Etter fullmakt

Åse Kristin Berglihn Hemsén
ekspedisjonssjef

Carola Nensén
avdelingsdirektør

Beretningen er godkjent og ekspedert digitalt.